



Bygland kommune  
Med hjarta i Bygland



# Handlings- og økonomiplan

## 2024-2027

Vedteke dokument 14.12.23

## FORORD

Kommunedirektøren legg med dette fram framlegget til budsjett for 2024 og økonomiplan for 2024–2027. Framlegget byggjer på kommunestyret sitt økonomi-planvedtak for 2023–2026, politiske vedtak, saman med justeringar tufta på oppdatert informasjon i statsbudsjettet og andre endringar i den økonomiske situasjonen for kommunen.

Det er framleis spesielle tider på mange måtar. Krigen i Europa skapar usikkerheit som også pregar ein kommune i Setesdal. Inflasjon, uvisse omkring flyktingtilstrømming og energiprisar er nokre eksempel. Den ustabile situasjonen har gjort det utfordrande å budsjettere i år også. Vi har framleis høge konsesjonskraftkraftinntekter, sjølv om dei blir noko redusert i forhold til i fjor, men sjølv om me samla sett får gode kraftinntekter i 2024 også må ein som nemnt tidlegare rekne med uvisse og store svingingar i desse inntektene i åra som kjem. Dette er svingingar som Bygland historisk sett ikkje har hatt berekraft til å takle økonomisk. I KS sitt kommunebarometer for 2023 ligg Bygland på 328. plass av landets 356 kommunar på parameteren "Kostnadsnivå". Det er nå mens inntektene er gode vi må jobbe med å få ned kostnadsnivået for å sikre at vi slepp tunge kuttprosessar når inntektene gjeng ned.

Nærast uavhengig av inntekter må kommunen framleis jobbe aktivt for å møta den negative utviklinga me har vært ein del av dei siste 20 åra. Folketalsutviklinga har rett nok stabilisert seg på grunn av flyktingane frå Ukraina, men vi har fortsett ein sterk nedgang i talet på unge, og ein sterkeare auke i talet på eldre en gjennomsnittet på Agder. Samstundes som vi har den svakaste utvikling i privat sysselsetting i landet dei siste 20 åra. Bygland kommune nå er gitt ein unik moglegheit til å snu denne utviklinga gjennom det nasjonale omstillingsprogrammet. Frå i dag og til utgangen av 2024 er det satt av omkring 4,5 millionar i statlege og fylkeskommunale midlar til dette arbeidet. Kommunens eigenandel er på 500.000 for 2024. Like viktig som økonomien er tilgangen til kompetanse, struktur og erfaringar frå Innovasjon Norge som koordinerer heile programmet for Kommunal og distriktsdepartementet. Programmet er planlagt å strekke seg over dei neste seks åra, så nå er det opp til oss om vi klarar å utnytte dette til å skape ny kraft i Bygland.

Vi har også vedvarande store levekårsutfordringar i Bygland. Det finst ikkje kjappe løysingar på dette og det vil ta fleire år med heilskapleg arbeid og god samhandling mellom politikarar og administrasjon i kommunen for å betre situasjonen

Kommuneplanens samfunnsdel har dissa tre gjennomgåande perspektiva:

- *Næringsutvikling og samarbeid om nye arbeidsplassar*
- *Folkehelse, levekår, likestilling, inkludering og mangfold*
- *Klima og miljø*

Det er i desse perspektiva vi må jobbe langsiktig og målretta for å snu utviklinga. Omstillingsprogrammet vil bety mykje i forhold til det første gjennomgående perspektivet. I forhold til det andre kulepunktet ønsker kommunedirektøren å etablere ei egen satsing på levekår. Det er satt av midlar i budsjettet for 2024 til ei stilling som levekårskoordinator. Målsetninga er at vi saman med fylkeskommunen og andre gode samarbeidspartnarar i løpet av nokon år har etablert eit robust program med intern og ekstern kompetanse som sikrar at vi kan jobbe målretta med å skape eit godt samfunn for alle i Bygland. I samarbeidsavtalen mellom Bygland kommune og Agder fylkeskommune ligg det eit eige punkt på dette: "*Kommunen og fylkeskommunen skal samarbeide om eit heilskapleg levekårløft for Byglandsfjord*". Dette vil være eit naturleg startpunkt for satsinga, og det er også satt av tre millionar i økonomiplanen for 2025 som er tenkt å underbygge eit slikt områdeløft for Byglandsfjord.

Sjølv om vi må jobbe med å bli meir kostnadseffektive leverer Bygland kommune gode tenester. Innanfor Pleie og omsorg, til dømes, kom kommunen på 29 plass av 356 kommunar i landet i KS sitt kommunebarometer. Samtidig må vi framover tilpassa oss dei demografiske endringane viss vi skal fortsette å levere på same gode nivå. Det krev at me tenkjer nytt og jobbar vidare med samhandling ikkje bare internt, men også med nabokommunane og innbyggjarane. Utfordringane med å få tak i menneske med rett kompetanse innanfor fleire av fagområda til kommunen blir større år for år. Spesielt sektorene helse, pleie og omsorg og oppvekst er under stort press. Skal me vera attraktive framover må me sikre gode fagmiljø for våre tilsette. Det klarer me ikkje åleine. I dag opplever vi at vi på fleire område ikkje har fagmiljø, men fagpersonar. Dette er svært sårbart og Bygland kommune må derfor fortsett være ein pådriver for eit meir heilskapleg samarbeid i regionen. Når det gjeld helse og omsorg er det naturleg å sjå på moglegheitene for auka samarbeid om personell innanfor felles bo- og arbeidsmarknad.

Arbeidet med å knyta handlingsdelen tettare på økonomiplanen vart videreført også i 2024. Kommunedirektøren innstiller i eigen sak til novembermøtet på at Bygland kommune reviderer samfunnsdelen av kommuneplanen. Hensikten med dette er å kople politikken tydelegare på det viktigaste styringsdokumentet vårt. Tanken er at ein gjennom fleire Workshops med kommunestyret vinteren 2024 skal komme frem til eit felles utfordringsbilde og eventuelle revideringar av samfunnsdelen som i sin tur vil danne eit godt grunnlag for ein tydeleg raud tråd ned i handlingsdelen.

Kommunen har i 2023 gjennomført Great Place to Work. Dette er ei medarbeidar-undersøking. Eit av funna der var at kommunens ansatte målte høgt over snittet på samfunnsengasjement og trua på at jobben betyr mykje for folk rundt ein. Det er eit godt utgangspunkt for å ta Bygland kommune vidare.

John Sigridnes  
Kommunedirektør

## INNHOLD

|   |           |
|---|-----------|
| <b>1. UTVIKLING, UTFORDRINGAR OG STATUS .....</b>                             | <b>6</b>  |
| 1.1. HOVUDLINER I BUDSJETTET .....  | 6         |
| 1.2. REGIONPLAN ÅGDER 2030.....   | 10        |
| 1.3. KOMMUNEPLANEN SIN SAMFUNNSDEL 2020-2032 .....                            | 10        |
| 1.4. FOLKEHELSEARBEID I BYGLAND KOMMUNE.....                                  | 10        |
| 1.5. VERDIAR I BYGLAND KOMMUNE .....  | 11        |
| 1.6. FOLKETALSUTVIKLING OG DEMOGRAFI .....                                    | 11        |
| <b>2. FINANSIELLE MÅLTAL.....</b>   | <b>14</b> |
| 2.1. STATUS ØKONOMI: KOSTRA-TAL FRÅ 2022.....                                 | 14        |
| 2.2. UTVIKLING ØKONOMI: PROGNOSER FOR 2024-2027 .....                         | 17        |
| <b>3. DRIFTSBUDSJETTET .....</b>  | <b>18</b> |
| 3.1 OVERORDNA RAMMEVILKÅR.....  | 18        |
| 3.2 KOMMUNEN SINE DRIFTSINNTEKTER .....                                       | 18        |
| 3.3 KOMMUNEN SINE DRIFTSUTGIFTER .....  | 24        |
| 3.4 BUDSJETTRAMMER FOR EININGANE .....  | 29        |
| <b>4. INVESTERINGSBUDSJETTET .....</b>  | <b>31</b> |
| 4.1 HOVUDOVERSIKT INVESTERINGAR 2024 .....                                    | 31        |
| 4.2 INVESTERINGAR I ANLEGGSMIDLAR 2024.....                                   | 32        |
| 4.3 FINANSIERING AV INVESTERINGAR 2024.....                                   | 33        |
| 4.4 UTLÅN (STARTLÅN) 2024 .....   | 33        |
| 4.5 HOVUDOVERSIKT INVESTERINGAR 2024-2027 .....                               | 34        |
| 4.6 INVESTERINGAR I ANLEGGSMIDLAR I ØKONOMIPLANPERIODEN .....                 | 35        |
| 4.7 FINANSIERING AV INVESTERINGSBUDSJETTET 2024-2027.....                     | 35        |
| <b>5. KOMMUNEPLANEN SIN HANDLINGSDDEL MED PRIORITERINGAR PER SEKTOR .....</b> | <b>37</b> |
| 5.1 SAMANHENG MELLOM HANDLINGSDDELEN MED ØKONOMIPLAN OG SAMFUNNSDELEN .....   | 37        |
| 5.2 ORGANISERING AV KOMMUNEN .....  | 38        |
| 5.3 EKSTERNE SAMARBEID.....   | 38        |
| 5.4 STAB, SAMFUNNSUTVIKLING OG KULTUR.....                                    | 40        |
| 5.5 OPPVEKSTSEKTOREN .....  | 46        |
| 5.6 HELSE OG OMSORG .....   | 49        |
| 5.7 DRIFT OG FORVALTNING INKL. VARF .....                                     | 54        |
| 5.8 KOMMUNEPLANEN SIN HANDLINGSDDEL (TABELL) .....                            | 60        |
| 1. ATTRAKTIVE OG LIVSKRAFTIGE SENTRA OG BYGDELAG .....                        | 61        |
| 2. VERDISKAPING OG BEREKRAFT .....  | 62        |
| 3. UTDANNING OG KOMPETANSE.....   | 63        |
| 4. KULTUR, IDRETT OG FRILUFTSLIV .....  | 64        |
| 5. TRANSPORT, KOMMUNIKASJON OG SAMFUNNSTRYGGLEIK.....                         | 66        |

|   |           |
|---|-----------|
| <b>VEDLEGG: BUDSJETTSKJEMA .....</b>                                | <b>68</b> |
| A BEVILLINGSOVERSIKT DRIFT, BUDSJETT (ÅRSBUDSJETT).....             | 68        |
| B BEVILLINGSOVERSIKT DRIFT, TIL FORDELING (ÅRSBUDSJETT) .....       | 69        |
| C ØKONOMISK OVERSIKT ETTER ART – DRIFT (ÅRSBUDSJETT) .....          | 70        |
| D BEVILLINGSOVERSIKT INVESTERING, BUDSJETT (ÅRSBUDSJETT).....       | 71        |
| E BEVILLINGSOVERSIKT INVESTERING, TIL FORDELING (ÅRSBUDSJETT) ..... | 72        |
| F BEVILLINGSOVERSIKT DRIFT, ØKONOMIPLAN (BUDSJETT) .....            | 73        |
| G BEVILLINGSOVERSIKT DRIFT, ØKONOMIPLAN TIL FORDELING .....         | 74        |
| H ØKONOMISK OVERSIKT DRIFT ETTER ART, ØKONOMIPLAN .....             | 76        |
| I BEVILLINGSOVERSIKT INVESTERING, ØKONOMIPLAN (BUDSJETT) .....      | 77        |
| J BEVILLINGSOVERSIKT INVESTERING, ØKONOMIPLAN TIL FORDELING .....   | 78        |

# 1. UTVIKLING, UTFORDRINGAR OG STATUS

## 1.1. Hovudliner i budsjettet

### **Eit driftsbudsjett prega av høge inntekter og for høgt kostnadsnivå**

Driftsbudsjettet er lagt fram som eit 0-budsjett kor utgifter og inntekter balanserer. Det er ikkje budsjettert med bruk av ordinært disposisjonsfond i 2024, eller resten av økonomiplanperioden, men ein gjer merksam på den store usikkerheita i tala, spesielt frå 2025 til 2027.

Høge inntekter frå utbytte frå Å Energi, samt konsesjonskraft, om enn ein del lågare enn i 2023, gjer at kommunen har eit visst handlingsrom i driftsbudsjettet i 2024. Det ligg difor inne ekstraordinære kostnadar i driftsbudsjettet. Dette gjeld i ein del grad vedlikehald av bygg, då gjerne i samsvar med tilbakemeldingar frå tilsette (via vernerundar), eller bygg som ein treng eit målingsstrøk (for eksempel måling av bygga på stasjonsområdet, som er eit prosjekt som held fram frå 2023). Det ligg og inne midlar til planar, som for eksempel reguleringsplanen på Byglandsfjord og ein vedlikehaldsplan for kommunale vegar. Av prosjektretta arbeid i budsjettet, kan ein nemne mellom anna utstilling i samarbeid med Kulturhistorisk museum, og kommunen sin eigenandel til det statlege omstillingssprogrammet kommunen er ein del av.

Trass i at ein del kostnadar i 2024 er ekstraordinære, og blir trekt ut frå budsjetta frå 2025 og utover, er ein likevel bekymra for det høge kostnadsnivået kommunen har. På Kommunebarometeret for 2022 kom kommunen på ein 328. plass på kostnadsnivå blant 356 kommunar. For eksempel Valle kommune, som har mykje høgare inntekter, kom på ein 324. plass. Bygland hadde relativt høge inntekter i 2022 og klarte eit lite overskot likevel, men dette kostnadsnivået vil ikkje vere berekraftig i dei åra inntektene er låge, og spesielt kraftinntektene kan svinge brått. Det bør difor vere eit fokus allereie no å sjå på tiltak som kan redusere kostnadane i kommunen til eit meir berekraftig nivå. Innan helse- og omsorgssektoren er det sett av midlar i 2024 til ein full gjennomgang av sektoren, som også skal munne ut i forslag til løysingar som kan vere kostnadssparande.

### **Investering i ny ungdomsklubb, bibliotek og auka levekårssatsing**

I tillegg kan det nemnast at det kommunale eigedomsselskapet Byglandstunet AS har budsjettert med å legge til rette for ungdomsklubb der biblioteket er no, og bibliotek i næringslokala kor det var gullutstilling i haust. Dette prosjektet starta med prosjektering i 2023 og held fram i 2024. Budsjettet til Byglandstunet AS blir lagt fram som referatsak i siste kommunestyremøte før nyttår.

Av andre nye tiltak i driftsbudsjettet, så kan det nemnast at behovet for ei tverrfagleg levekårssatsing gjer at det i løpet av 2024 vil bli tilsett ein levekårskoordinator som mellom anna skal jobbe med kultur, og det å få til ei meir heilskapleg satsing på dette området. Kommunen opplever mellom anna utanforskap som ei stor utfordring som må takast på alvor. Prosjektet med å integrere kommunen i IKT Agder held fram, som planlagt, i 2024. Nytt økonomisystem vert teke i bruk frå 1.1.24, og andre system, samt heimeside, vert og fornya. Dette er ein stor jobb og kostnad, men nødvendig, sidan kommunane i IKT Agder-samarbeidet skal ha same system. Dette vil rasjonalisere den digitale kvardagen for tilsette i kommunen, og det gjer det og lettare å samarbeide på tvers av kommunane når alle 15 kommunane i samarbeidet (samt fylkeskommunen) følger same standard.

### **Auke i kommunale avgifter tilsvarande lønnsvekst**

I 2023 ligg det an til færre påkoplinger enn budsjettet. Dette, kombinert med høg lønnsvekst og høg kalkylerente innanfor sjølvkostområdet (vatn, avløp, renovasjon, feiing og slam), samt forventning om fleire investeringar innan desse områda i åra som kjem, gjer at kostnadane aukar. For 2024 blir det gjort følgjande endringar på kommunale avgifter:

- Årsavgift for vatn (fast og kubikkavg.) vert auka med 3,5 %
- Årsavgift for kloakk (fast og kubikkavg.) vert auka med 4,7 %
- Tilkoplingsavgift for vatn vert ikkje endra
- Tilkoplingsavgift for kloakk vert ikkje endra
- Slamtømmeavgift vert ikkje endra
- Renovasjonsavgift hus vert auka med 5,5 %
- Renovasjonsavgift hytte vert auka med 5,5 %
- Feieavgift vert auka med 17,6 %

Dette svarar til ei samla auke på 4,9 % for ein bustad på 150 kvadratmeter utan vassmålar, som igjen svarar til ei auke på 87 kr per månad. Til samanlikning så er estimert lønsvekst for 2024 også 4,9 %, så auka vil ikkje nødvendigvis betyr lågare kjøpekraft i hushaldningane i kommunen. Ein vil likevel gjere merksam på at det mest sannsynleg vil komme ei større auke i gebyra i 2025, utan at ein kan talfeste dette no. Innanfor slam- og renovasjonsområda er det krav om at inntekter frå kommunale avgifter skal dekke inn kostnadane 100 %. I tillegg så har kommunen gjort lokalt vedtak om det same for feiegebyret. Alle desse tenestene kjøper kommunen eksternt. Andre kommunale prisar og gebyr vert endra i samsvar med forslag til prisliste, som vert lagt fram som ei eiga sak.

Ein vil og gjere merksam på at kommunen subsidierer innbyggjarane med om lag 2,6 mill. på avlaupsområdet. Alternativet hadde vore å ha full inndeckning for kostnadane på dette området, men då vurderer ein at gebyra ville blitt uforholdsmessig høge for innbyggjarane. Viss kommunen, hypotetisk sett, vedtok at gebyra skulle dekke kostnadene på avløpsområdet 100 %, måtte avløpsgebyret blitt auka med 63 %. Dette er sjølv sagt ikkje aktuelt, men det setter i perspektiv kor mykje kommunen subsidierer dette området i dag.

#### **Høg gjeld, stigande rente, høg lønsvekst og høge pensjonskostnadar**

Ved slutten av 2022 var den langsiktige gjelda på eit høgare nivå enn for gjennomsnittet i KOSTRA-gruppe 14, som består av kommunar på 600-2000 innbyggjarar, med samanliknare økonomiske rammevilkår som Bygland. I tillegg så ligg nøkkeltalet for langsiktig gjeld litt over måaltalet kommunestyret vedtok i 2019, som seier at langsiktig gjeld skal være maksimalt 75 % av brutto driftsinntekter. Grunna ein del ekstraordinære kostnadar i 2024, er det ikkje budsjettert med midlar i driftsrekneskapen til å betale ned gjeld, snarare vil det vere snakk om ei mindre auke både i 2024 og 2025, men til gjengjeld ligg det an til at kommunen får redusert langsiktig gjeld med fleire millionar i 2023. Det er og lagt opp til ein moderat reduksjon i langsiktig gjeld frå 2026 til 2027. Dette er dog veldig usikre tal sidan rammevilkåra for desse åra er endå meir usikre enn for 2024.

I tillegg så ser ein at pensjonskostnadane er underbudsjettet i 2023, og ein har difor auka dei samla pensjonskostnadane frå 2023 til 2024 med om lag 2,7 mill. Dette er i nokon grad kompensert for i rammetilskotet.

Ei stadig stigande rente er eit bekymringsmoment for kommunen i 2024. Som ein ser av grafen under, så er renta på sitt høgaste på dei siste ti åra og stadig stigande.



Kommunen har brukt prognosane til Kommunalbanken for å budsjetttere rentene i 2024, og det er budsjettet med 7 mill. i rentekostnadar i 2024. Til samanlikning så var dette talet 1,5 mill. i 2021. I 2023 har ein måtte justere opp rentebudsjettet i både 1. og 2. tertialrapport, frå eit budsjett på 5,3 mill. til eit budsjett på 6,2 mill. Prognosane per no seier at renta skal flate ut i første halvår 2024, og minke frå 2. halvår 2024 og ut i 2025. Rentekostnadane er difor lågare per år i år 2025 til 2027 i økonomiplanen.

Høg lønsvekst gjer at kommunen, for andre år på rad, må sette av ein stor pott til lønnsoppgjernet. Lønsvekst på 4,9 prosent svarar til ein lønspott på godt og vel 3,3 millionar i kommunen sitt budsjett for 2024. Straum og andre energiutgifter er budsjettet med totalt 5,5 mill. Dette er lågare enn i 2022 og 2023, men vesentleg høgare enn i 2021 (4,3 mill.) og 2020 (2,8 mill.). Her må ein likevel vere klar over at kommunen sin økonomiske situasjon er betre når straumprisane er høge, fordi då er normalt kraftinntektene høge også.

## **Investeringar i Byglandsheimen, og innan samfunnsutvikling, kultur, energiøkonomisering og velferdsteknologi**

Kommunen held fram utviklinga av Presteneset ved å prioritere opparbeidning av infrastruktur innan veg, vatn og avlaup. Vegen frå rundkjøringa blir asfaltert, og infrastruktur for vatn og avløp blir prosjektert. I tillegg vert det føreslege å gjere fleire investeringar innan kultur, friluftsliv og idrett, kor turveg på Byglandsfjord og framleis opprusting av stasjonsområdet, med Priveten i spissen, er blant dei høgast prioriterte prosjekta. Av andre større prosjekt, kan ein nemne 2,5 mill. til avløpsleidning frå Raudbekk til Hamren sør for Bygland. Dette er for å legge til rette for fjordnære tomter, som er etterspurt.


Eit nytt prosjekt i 2024 er prosjektering av ei oppgradering av Byglandsheimen. I prosjekteringa vil det vere fokus på kva for deler av Byglandsheimen som ikkje held tilfredsstillande standard i dag, og så er planen å ruste opp bygningsmassen steg for steg dei neste åra, frå 2025 og utover. Det er også lagt inn ein sum i investeringsbudsjettet til teknologiske nyvinningar innan velferds-teknologi, kor det mellom anna kan bli aktuelt å investere i høgteknologiske senger som skal minske belastninga får både brukarar og tilsette. Prosjektet som handlar om fornying av sjukesignalsystemet på Byglandsheimen held fram i 2024, då ein ikkje blir ferdige i 2023.

I 2024 vert det foreslått investeringar innanfor fleire ulike sektorar, i tillegg til investeringane innanfor samfunnsutvikling, kultur og pleie og omsorg. Då mellom anna vatn, avlaup, helse og omsorg, digitalisering, næring og klima/miljø. Sistnemnde dreier seg om energiøkonomisering, som er eit særrelevant tema i samband med auka behovet for fornybar energi me vil oppleve i Noreg og Europa i framtida. Slike investeringar vil føre til både miljømessig og økonomisk gevinst i framtida, ved at energiforbruket og energikostnadane vert reduserte. Innan helse- og omsorgssektoren er det planlagd å gjere ei prosjektering med mål om å oppgradere dei delane av Byglandsheimen som ikkje held tilfredsstillande standard i dag. Det bygningsmessige arbeidet startar i 2025, og det er førebels ein plan om å oppgradere steg for steg, og difor er det budsjettet med kostnadene til dette i både 2025, 2026 og 2027. Merk uansett at kostnadsestimata i desse åra er veldig usikre.

Det er lagt opp til investeringar på totalt kr 9,55 mill. i 2024, som inneberer ei moderat auke i gjeld, men til gjengjeld vil nokre av investeringane føre til kostnadsreduksjon i driftsrekneskapen. Likevel vil ein gjere merksam på at kommunen ikkje bør legge investeringsnivået i 2024 høgare enn det som er føreslege, og det er difor føreslege å gjere ein del investeringar i 2025 og utover også, då det ikkje er økonomi og tilstrekkeleg med bemanningsressursar til å gjennomføre alle prosjekt første året i fireårsperioden.

### **Usikre kraftinntekter, statleg trekk og auka grunnrenteskatt**

I statsbudsjettet for 2023 opplevde kommunen for første gang å bli trekt i statlege rammeoverføringer grunna høge konsesjonskraftinntekter. Først var trekket på om lag 20 mill., men det blei seinare justert ned til rundt 7 mill. Eit slikt trekk ligg ikkje inne i statsbudsjettet for 2024, men det såkalla konsesjonskraft-trekket frå 2023 viser likevel at sjølv kommunen sine eigne kraftinntekter kan bli offer for statlege omdisponeringar. Konsesjonskraftinntektene er elles sterkt korrelerte med straumprisane, og grafen under viser kvifor ein med må legge inn ein stor grad av usikkerheit knytte til framtidige konsesjonskraftinntekts-prognosar:




Sidan slutten av 2020 og fram til no har straumprisane variert mellom 0 i november 2020 til om lag 550 øre per MWh i august 2022. I 2023 har prisane stabilisert seg noko, men for ein kommune som er veldig avhengig av kraftinntekter, skapar dette ein økonomisk uforutsigbarhet som gjer det krevjande å budsjettere langt fram i tid. Inntekter frå konsesjonskraft var 37 mill. i revisert budsjett for 2023, og blir «berre» 20 mill. i 2024. Til samanlikning var desse inntektene 5,5 mill. i 2021 og då hadde kommunen eit alvorleg behov for å redusere kostnadane. Då opplevde ein at inntektene auka i løpet av året, grunna auke i straumprisane, og kommunen fekk, med nød og neppe, eit positivt netto driftsresultat likevel, men dette viser kor sårbar kommunen er for svingingar i kraftrelaterte inntekter. Konsesjonskraftinntektene ligg elles normalt i intervallet 4 til 8 mill., så inntektene i 2024 er uansett å rekne som høge, sjølv om dei er vesentleg reduserte samanlikna med 2023.

Eigedomsskatteanslaget for 2024 er på kr 11.000.000, som er om lag same nivået som i 2023, og vesentleg høgare enn nivået i 2022. Merk likevel at det samla anslaget for eigedomsskatteinntektene er særslig usikkert fordi eigedomsskattegrunnlaga for vasskraft ikkje er klare før etter budsjettet er lagt fram til handsaming. Ein må difor kome tilbake til kva faktisk prognose for 2024 skal vere. Eigedomsskattegrunnlaga vert berekna på bakgrunn av eit rullerande 5-årleg gjennomsnitt av nåverdien av kraftverka si nettoinntekt. For 2023 var åra 2017-2021 grunnlag for berekningane, medan i 2024 er det åra 2018-2022 som er grunnlaget. Sidan straumprisane og forventa nettoinntekt per kraftverk er venta å vere vesentleg høgare i 2022 enn i 2017 (som forsvinn ut av berekninga) er det grunner for å tru at inntektene kan frå eigedomsskatt på vasskraftverk kan bli høgare i 2024 enn i 2023, men ein vil vente med å justere budsjettet til dei faktiske tala ligg føre.

Mot slutten av 2022 vedtok regjeringa at grunnrenteskatten skulle aukast frå 37 til 45 prosent, med tilbakeverkande kraft for heile 2022. Dette kan få negative konsekvensar for kommunen sine eigedomsskatteinntekter frå og med 2024, sidan det nye skatteregimet gjer at nettoinntekta per kraftverk blir, potensielt, lågare i 2022. Det er riktig nok ikkje mogleg å talfeste kva for konsekvensar dette vil ha i skrivande stund, og dette høyrer og med til årsaka til at ein vil vente med å justere inntektene frå eigedomsskatt på kraftverk.

### Demografi- og levekårsutfordringar

Budsjettet for 2024 er i stor grad prega av dei demografiske utfordringane som rår i kommunen, kor det vert fleire og fleire eldre og stadig færre yngre. Den budsjettmessige konsekvensen av dette er at eininga Pleie og omsorg sitt budsjett er auka med om lag 9 prosent sjølv om den kommunale kostnadsindeksen (deflatoren) berre er 4,3 % for 2024. Det er dessutan vanskeleg å få rekruttert tilsette innanfor denne sektoren. Ei viktig prioritering for kommunen er å gjøre denne eininga robust og rusta for framtida, for prognosane seier at det berre vil bli fleire og fleire eldre og pleietrengande i framtida, som ein og kan sjå av figuren under.



Denne framskrivinga er gjort av SSB og viser at aldersbæreevna vil minke frå 2,4 i 2022 til 1,8 i 2040. Aldringa er også betydeleg sterkare i Bygland enn det som er gjennomsnittet for Agder. Det er også statistikkar som viser at gjennomsnittsalderen i Bygland i 2022 var nest høgast i Agder (45,8 år), så vidt slått av Risør (45,9 år).

Tal frå [tabell 11820](#) hos SSB viser at kommunen hadde både færrest fødde per 1000 innbyggjarar og flest døde per 1000 innbyggjarar i Agder i både 2021 og 2022. Den same tabellen viser også at kommunen har den tredje høgaste andelen uføre i Agder i aldersgruppa 18-66 år per 31.12.22. Andelen er 20,3 %. Dette talet har vore aukande dei siste fem åra, og i 2018 var tilsvarende tal 16,6 %.

I andre enden av aldersskalaen har kommunen ein oppvekstsektor som har utfordringar med at det etter kvart kan bli for få barn til at det er forsvarleg å drive vidare med den oppvekststrukturen kommunen har i dag. Byglandsfjord skule har riktig nok historisk høgt elevtal i skuleåret 2023/2024, men det prognosane seier er at elevtalet vil minke i åra som kjem. Viss ikkje ein klarar å snu denne utviklinga vil kommunen på sikt ikkje ha anna val enn å gjere strukturelle endringar innanfor denne sektoren. Å snu denne trenden er eit ansvar som heile kommunen må ta, ikkje berre oppvekstsektoren. For å klare det må ein arbeide heilskapleg og langsigtig med stadutvikling og nærmiljø, attraktivitet, kultur og miljø.

#### Flyktningsituasjonen

Det er dei siste åra lagt eit særskilt godt grunnlag i forhold til mottak av flyktingar. Den samhandlinga og det engasjementet både kommunalt tilsette og innbyggjarar i Bygland har vist blir lagt merke til i Agder. Skal ein framleis lykkast i integreringa er det nå avgjerande at dei som har kome finn seg arbeid. Dette vil krevje ein ekstra innsats i 2024. Både frå kommunen, NAV og næringsliv lokalt og regionalt. Vurderingar på nye anmodningar må ein sjå i lys av dette.

### 1.2. Regionplan Agder 2030

Regionplan Agder 2030 er det viktigaste overordna styringsdokumentet for utviklinga av Agder. Regionplanen sitt hovudmål er å utvikle Agder til ein miljømessig, sosialt og økonomisk berekraftig region – eit attraktivt lågutsleppssamfunn med gode levekår. Dette inneber å

- bruke heile Agder, og sørge for at utviklinga kjem alle delar av Agder til gode
- samarbeide om å nå FN sine berekraftsmål på regionalt og lokalt nivå
- jobbe kunnskapsbasert og målretta for å forbetra levekåra gjennom ein langsigtig og heilskapleg levekårssatsing
- redusere klimagassutslepp på Agder med minst 45% innan 2030
- utnytte moglegitetene som digitalisering gir.

### 1.3. Kommuneplanen sin samfunnsdel 2020-2032

Kommuneplanen sin samfunnsdel vart vedteke i mai 2020. Samfunnsdelen inneholder langsigtige og overordna mål for kommunesamfunnet i det heile og kommunen som organisasjon. Planen er eit politisk og administrativt styringsverktøy. Satsingsområda peiker på dei områda som skal ha ekstra merksemd og ressursar i planperioden, og planen er førande for alle tenesteområda i kommunen.

Samfunnsdelen inneholder fem hovudsatsingsområde:

- Attraktive og livskraftige sentra og bygdelag
- Verdiskaping og berekraft
- Utdanning og kompetanse
- Kultur, idrett og friluftsliv
- Transport, kommunikasjon og samfunnstryggleik

Gjennomgående perspektiv som blir tematisert under alle hovudsatsingsområda:

- Næringsutvikling og samarbeid om nye arbeidsplassar
- Folkehelse, levekår, likestilling, inkludering og mangfold
- Klima og miljø

### 1.4. Folkehelsearbeid i Bygland kommune

Folkehelse skal vere eit berande prinsipp i all kommunal planlegging og all verksemd. Kommunen har laga ei folkehelseoversikt for 2020 som syner helsetilstanden i befolkninga, og dei positive og negative faktorane som verkar inn på denne. Folkehelseoversikta viser ei rekke område der Bygland kjem godt ut på folkehelsestatistikken og andre område der kommunen skil seg negativt ut.


Med utgangspunkt i folkehelseoversikta er det nokre område kor kommunen synest å ha ekstra utfordringar:

- Barn og unge sine oppvekstvilkår som trivsel, meistring og relasjonar

- Aukande del som mottek alderspensjon, uføretrygd eller arbeidsavklaringspengar
- Ei aldrande befolkning
- Aukande del med grunnskule som høgaste utdanning.

## 1.5. Verdiar i Bygland kommune

Bygland kommune som organisasjon har følgjande verdiar:



## 1.6. Folketalsutvikling og demografi

### Historikk

Samla folketal i kommunen har utvikla seg slik dei siste åra:

| Dato     | 01.01.01 | 01.07.16 | 01.07.17 | 01.07.18 | 01.07.19 | 01.07.20 | 01.07.21 | 01.07.22 | 01.07.23 |
|----------|----------|----------|----------|----------|----------|----------|----------|----------|----------|
| Folketal | 1 341    | 1 211    | 1 205    | 1 204    | 1 190    | 1 145    | 1 137    | 1 128    | 1 162    |

Nedanfor følgjer ei oversikt som viser samansettning i folketalet:


|            | 01.01.01     | 01.07.16     | 01.07.17     | 01.07.18     | 01.07.19     | 01.07.20     | 01.07.21     | 01.07.22     | 01.07.23     |
|------------|--------------|--------------|--------------|--------------|--------------|--------------|--------------|--------------|--------------|
| 0-5 år     | 90           | 58           | 65           | 65           | 65           | 55           | 55           | 52           | 44           |
| 6-15 år    | 181          | 135          | 122          | 131          | 125          | 122          | 113          | 104          | 123          |
| 16-66 år   | 844          | 795          | 789          | 773          | 750          | 705          | 706          | 705          | 723          |
| 67-79 år   | 134          | 157          | 166          | 175          | 188          | 201          | 206          | 209          | 219          |
| 80-89 år   | 81           | 51           | 51           | 49           | 50           | 48           | 47           | 49           | 44           |
| Over 90 år | 11           | 15           | 12           | 11           | 12           | 14           | 10           | 9            | 9            |
| <b>SUM</b> | <b>1 341</b> | <b>1 211</b> | <b>1 205</b> | <b>1 204</b> | <b>1 190</b> | <b>1 145</b> | <b>1 137</b> | <b>1 128</b> | <b>1 162</b> |

Med verknad frå budsjettåret 2009 vert rammetilskotet fastsett etter folketalet pr. 01.07 året før. Tala i tabellen ovanfor er henta frå KS sin prognosemodell for frie inntekter (skatt og rammetilskot), kor innbyggjartalfordelinga er ein del av grunndataa.

Kommunen sitt innbyggjartal har auka med 34 frå 01.07.22 til 01.07.23. I same periode har kommunen teke i mot 37 flyktningar, som alle blei folkeregistrerte i kommunen før 01.07.23. Om ikkje det var for flyktningane ville innbyggjartalet i kommunen blitt redusert med 3.


I grafen til høgre viser ein og utviklinga i innbyggjartal for aldersgruppene 0-19 år og 0-65 år. Grafen viser berre tal per 01.01.23, så her er mange av flyktningane ikkje med i statistikken. Tendensen er uansett ganske entydig: Med unntak av ein liten dupp det siste året, har innbyggjartalet for aldersgruppa 65 år og eldre gått opp, medan talet for aldersgruppa 0-19 år har gått ned. Ei slik utvikling gjer at kommunen må prioritere eldreomsorg i større grad enn tidlegare i budsjetta i framtida, og det kan også føre med seg strukturelle endringar i kommunen som organisasjon.

Ei utfordring som ikkje kjem fram i desse statistikkane er at kommunen i tillegg er forplikt til å levere helsetenester og andre kommunale tenester til mellom 80-90 elevar på KVS Bygland som ikkje inngår i folketalet i kommunen. Kraftig auke i elevtalet på KVS har gjort at kommunen har måtte auke talet på årsverk på helsestasjonen. Denne ekstrakostnaden får ikkje kommunen nokon kompensasjon for.



## Demografi


Grafen til høgre viser KS sin estimerte prosentvise auke i utgiftsbehov på grunn av demografiendringar. Som ein ser så er auka betydeleg høgare for Bygland enn for både landet og Agder. Normalt så kompenserer staten kommunane for auka demografiutgifter via rammetilskotet, men viss tendensen frå dei siste 20 årene held fram, så vil ikkje kommunen få nokon kompensasjon fordi det då vil vere ein forventning frå staten om at kommunen må redusere driftsutgiftene i oppvekstsektoren sidan talet på yngre vert lågare. KS sin demografimodell har elles eit noko meir optimistisk syn på utvikling i innbyggjartal i dei yngre aldersgruppene enn kva realitetan er i dei lokalt utarbeida prognosane i oppvekstsektoren i kommunen.



## Utvikling framover

Folketalsutviklinga i Bygland er svært usikker over tid og historiske tal syner ei uheldig utvikling, med unntak av tilveksten av flyktningar frå Ukraina i 2022 og 2023. Som ein ser, er folketalet avhengig av mange faktorar som asylmottak, integrering, inn-/ utflytting, talet på fødde/døde og tilgang/avgang på arbeidsplassar. Det er òg viktig med tilgang til attraktive bustad- og næringstomter i kommunen, og tilgang på attraktive arbeidsplassar i regionen sett under eit.

1162 var innbyggjartalet per 01.01.20 (same som i 2023). Som grafen til høgre viser, er det stort sprik mellom dei ulike modellane for befolkningsframskrivning. Alternativet høg vekst estimerer at befolkninga i Bygland i 2050 vil auke med 18,3 prosent i forhold til 2020, medan låg vekst estimerer 3,8 prosent nedgang. Middelalternativet gjev ein befolkningstilvekst på 6,9 prosent. SSB sine vekstprognosar syner at Bygland ligg lågare i forventa vekst enn både Agder og landet under eitt for alle alternativa.



Det må også påpeka at den mest realistiske utviklingsbanen for folketalsutvikling i Bygland tilhøyrar Telemarksforsking. Dei legg forventa utvikling 30 prosent under låg vekst-alternativet til SSB, og det samsvarer dessverre betre med observert utvikling, om ein ser bort frå flyktningane. Held denne utviklinga fram vil Bygland ha rundt 950 innbyggjarar i 2040, men det er viktig å presisere at utviklinga i innbyggjartalet dei neste åra i stor grad er avhengig av kor mange av flyktningane som er i kommunen no, som vel å busette seg permanent.

## 2. Finansielle måltal

### 2.1. Status økonomi: KOSTRA-tal frå 2022

#### Innleiing

KOSTRA rekneskapstal for 2022 er ein metode for å samanlikne kostnadane i ulike kommunar. Dette talgrunnlaget er nyttig både for administrasjonen i arbeidet med budsjettet og for politikarane i den politiske handsaminga.

I desse oppstillingane det er nytta tal frå Bygland kommune, Åmli kommune og Iveland kommune. I tillegg er det sett opp kommunegruppe 14 som viser ei samanlikning med kommunar som statistisk er mest lik Bygland kommune. Kommunegruppe 14 svarar til «kommuner med 600 til 1 999 innbyggere og lave eller middels korrigerte inntekter». Til og med 2018 var Bygland ein del av kommunegruppe 6, som er for kommunar med høge kostnadar per innbyggjar og høge frie disponibele inntekter.

I Agder inngår Åmli, Iveland, Hægebostad og Bygland kommunar i Kommunegruppe 14.

#### Finansielle nøkkeltal

| KOSTRA rekneskapstal  | Bygland<br>2022 | Åmli<br>2022 | Iveland<br>2022 | Hægeb.<br>2022 | KG14<br>2022 |
|---|-----------------|--------------|-----------------|----------------|--------------|
| KG14 = kommunegruppe 14   |                 |              |                 |                |              |
| <b>Finansielle nøkkeltall</b>   |                 |              |                 |                |              |
| Frie inntekter per innbyggjar (kr)  | 91758           | 94413        | 84249           | 85791          | 88761        |
| Netto driftsresultat i prosent av brutto driftsinntekter (prosent)                      | 1,2             | 4,3          | 6,3             | 1,4            | 2,4          |
| Brutto investeringsutgifter i prosent av brutto driftsinntekter (prosent)               | 2,9             | 11,1         | 6,3             | 15,1           | 11,6         |
| Arbeidskapital ekskl. premieavvik i prosent av brutto driftsinntekter (prosent)         | 26,7            | 33,8         | 35,9            | 16,8           | 26,2         |
| Langsiktig gjeld ekskl. pensjonsforpliktingar i prosent av brutto driftsinntekter (%)   | 77,1            | 80,1         | 54,1            | 89,5           | 86,1         |
| Fri eigenkapital drift (disposisjonsfond) i prosent av brutto driftsinntekter (prosent) | 18,8            | 22,8         | 33,7            | 11,2           | 19,4         |

#### Frie inntekter per innbyggjar

Nøkkeltalet viser kommunens frie inntekter i kroner per innbyggjar. Skatt på inntekt og formue, inkludert naturressursskatt, og rammetilskot blir definert som frie inntekter. Her ligg kommunen på eit høgare nivå enn KOSTRA-gruppe 14.

#### Netto driftsresultat i prosent av brutto driftsinntekter

Indikatoren viser netto driftsresultat i prosent av driftsinntektene. Ein reknar netto driftsresultat ut frå brutto driftsresultat, men tar i tillegg omsyn til resultat eksterne finansieringstransaksjoner, dvs. netto renter, netto avdrag samt kommunale utlån, utbytte og eigaruttak, og er i tillegg korrigert for avskrivingar slik at desse ikkje vert gjeve resultateffekt. Netto driftsresultat kan anten bli brukt til finansiering av investeringar eller sette dei av til seinare bruk. Dette vert rekna som det viktigaste resultatmålet for kommunane og bør over tid vere minimum 1,75 %, som er eit tilrådd nivå for god kommuneøkonomi (Det tekniske beregningsutvalg for kommunal og fylkes-kommunal økonomi, November 2014). Kommunen sitt netto driftsresultat for 2022 var litt under det tilrådde nivået, og betydeleg under nivået til Åmli og Iveland. Gjennomsnittet for KOSTRA-gruppa viser at 2022 var eit godt år for kommunane, og at Bygland sitt resultat i så måte var litt «under pari» i forhold til kva man burde forvente i eit slikt år.

#### Brutto investeringsutgifter i prosent av brutto driftsinntekter

Nøkkeltalet viser kommunens brutto investeringar i prosent av brutto driftsinntekter, og seier følgjeleg noko om investeringsnivået i kommunen. Nivået på investeringane varierer mykje frå år til år ut frå lokale behov og nasjonale prioriteringar, og dataa er vanskeleg samanliknbare. Tabellen viser at kommunen hadde eit lågt investeringsnivå i 2022, men dette talet blir også lågare når inntektene er relativt høge.

#### Arbeidskapital ekskl. premieavvik i prosent av brutto driftsinntekter

Nøkkeltalet viser arbeidskapital ekskl. premieavvik i prosent av brutto driftsinntekter. Arbeidskapital ekskl. premieavvik definerast som differansen mellom omløpsmidlar ekskl. premieavvik og kortsiktig gjeld ekskl. premieavvik, og er et uttrykk for kommunens likviditet. Med likviditet meinast evna til å betale forpliktingane etter kvart som dei forfall. Kommunen ligg om lag på nivå med kommunegruppa her, men også her blir talet lågare enn i 2021 fordi kommunen hadde høgare inntekter i 2022.

### **Langsiktig gjeld i prosent av brutto driftsinntekter**

Indikatoren syner langsiktig gjeld ekskl. pensjonsforpliktingar i prosent av driftsinntektene. Ordinære renter og avdrag på lån skal finansierast av driftsinntektene, og indikatoren viser langsiktig gjeldsbelastning i forhold til desse. Lån som skal gå til vidare formidling til andre instansar/innbyggjarar (for eksempel startlån), inngår og i indikatoren. Indikatoren omfattar dermed utlån der mottatte avdrag skal inntektsførast i investeringsrekneskapet, i tillegg til innlån som vert ført som avdrag i driftsrekneskapen. Langsiktige lån har normalt lengre løpetid enn eitt år. I 2022 ser ein at dette falet framleis er høgare enn måltalet på 75 %, men det er lågare enn gjennomsnittet for kommunegruppa. Kommunen hadde betydeleg høgare driftsinntekter i 2022 enn i 2021, og inntektsnivået verkar og inn på kor høgt dette måltalet blir.

### **Dispositionsfond i prosent av brutto driftsinntekter**


Dette talet viser fri eigenkapital til driftsformål i prosent av driftsinntektene. Kommunen sitt tal er betydeleg høgare enn gjennomsnittet for kommunegruppe 14, men litt lågare enn Iveland, og, som tabellen i neste avsnitt vil vise, har dette talet hatt ei negativ utvikling i nyare tid som ein er nøydt til å stanse.

### **Utvikling i finansielle nøkkeltal over tid**


| KOSTRA rekneskapstal<br>Bygland   | 2013   | 2014   | 2015   | 2016   | 2017   | 2018   | 2019   | 2020   | 2021   | 2022   |
|---|--------|--------|--------|--------|--------|--------|--------|--------|--------|--------|
| <b>Finansielle nøkkeltal</b>  |        |        |        |        |        |        |        |        |        |        |
| Frie inntekter per innbyggjar (kr)  |        |        |        |        |        |        |        |        |        |        |
| Frie inntekter per innbyggjar (kr)  | 68 249 | 69 828 | 69 594 | 73 336 | 74 834 | 77 667 | 81 204 | 84 764 | 88 510 | 91 758 |
| Netto driftsresultat i prosent av brutto driftsinntekter (prosent)        | 5      | -2     | 4      | 10     | 3      | 0      | -5     | 1      | 1      | 1      |
| Brutto investeringsutgifter i prosent av brutto driftsinntekter (prosent) |        |        | 28     | 13     | 6      | 6      | 14     | 17     | 3      | 3      |
| Arbeidskapital ex. premieavvik i prosent av brutto driftsinntekter        | 30     | 36     | 40     | 41     | 44     | 37     | 31     | 30     | 31     | 27     |
| Langsiktig gjeld ex. pensjonsforpliktingar i % av brutto driftsinntekter  | 63     | 77     | 85     | 81     | 81     | 80     | 84     | 94     | 91     | 77     |
| Dispositionsfond i prosent av brutto driftsinntekter (prosent)            | 13     | 12     | 17     | 23     | 28     | 26     | 23     | 19     | 20     | 19     |

Tabellen syner utviklinga i finansielle nøkkeltal over dei 10 siste åra (raude tal = ikkje i tråd med dei finansielle måltala). Arbeidskapitalen (variabel for likviditet) gjekk noko ned i 2018 grunna at kommunen hadde store ubrukte lånemidlar frå tidlegare år som vart tatt i bruk, og at det var ein relativt ekspansiv bruk av næringsfondet og andre fond. Frå 2018 til 2019 gjekk dette talet ned grunna at 2019 var eit dårlig økonomisk år. I 2019 vedtok kommunestyret at langsiktig gjeld i prosent av brutto driftsinntekter skal ha eit måltal på maksimum 75 % av brutto driftsinntekter, medan disposisjonsfond skal vere minimum 15 %. Dei tre nedste tala i tabellen ovanfor blei redusert frå 2021 til 2022, mest fordi inntektene gjekk opp pga. auke i kraftinntektene. Om inntektsnivået i 2022 var like lågt som i 2021, ville for eksempel talet for langsiktig gjeld vore om lag 87 %.

### Langsiktig gjeld i % av driftsinntektene 2013-2022



### Dispositionsfond i % av driftsinntektene 2013-2022



Grafane over viser at måltalet for disposisjonsfond har vore oppfylt sidan 2015, medan gjeld har lege over anbefalt maksimalnivå sidan 2014. Grunna høge inntekter og moderat reduksjon av gjelda i 2022, er kommunen riktig nok kome mykje nærmare måltalet.

## Prioritering

| KOSTRA rekneskapstal  | Bygland<br>2021 | Bygland<br>2022 | Åmli<br>2022 | Iveland<br>2022 | Hægeb.<br>2022 | KG14<br>2022 |
|---|-----------------|-----------------|--------------|-----------------|----------------|--------------|
| KG14 = kommunegruppe 14   |                 |                 |              |                 |                |              |
| <b>Prioritering</b>   |                 |                 |              |                 |                |              |
| Netto driftsutgifter til administrasjon i kr. pr. innb.               | 8 198           | 8 432           | 11 788       | ..              | 5 015          | 10 299       |
| Netto driftsutgifter per innbyggjar 1-5 år i kroner, barnehagar       | 210 327         | 225 432         | 179 040      | 271 247         | 178 260        | 218 576      |
| Netto driftsutgifter til grunnskolesektor , per innbyggjar 6-15 år    | 235 080         | 262 165         | 154 086      | 156 404         | 183 009        | 196 144      |
| Brutto driftsutg. pr. innbyggjar, kommunale helse- og omsorgstenester | 53 345          | 54 596          | 51 267       | 33 065          | 48 820         | 51 678       |
| Netto driftsutgifter per innbyggjar 0-17 år, barnevernstenesta        | 22 815          | 21 107          | 17 681       | 6 099           | 7 543          | 16 529       |

Tabellen viser Bygland kommune sine netto driftsutgifter per innbyggjar for utvalde tenesteområde. Her spelar reduksjonen i innbyggjartalet inn. For Bygland sin del er det færre å fordele kostnadane på og derfor vert ein og sårbar for endringar i folketetalet i kommunen. Få personar kan gjere store utslag på kostnadane. Dei geografiske avstandane kan i enkelte samanhengar virke kostnadsdrivande for kommunen.


Kommunen ligg vesentleg under dei samanliknbare kommunane, samt gjennomsnittet for kommunegruppe 14, når det gjeld netto driftsutgifter til administrasjon per innbyggjar. Dette inkluderer kommunedirektøren og staben (økonomi, politisk sekretariat, arkiv, lønn).

Bygland ligg litt over nivået i kommunegruppa når det gjeld driftsutgifter til barnehage, men talet har auka sidan 2020. Netto driftsutgifter til grunnskuleopplæring er vesentleg høgare enn gjennomsnittsnivået i kommunegruppe 14, og også høgare enn nivået for Åmli, Hægebostad og Iveland kommunar, i tillegg til at nivået har auka samanlikna med 2021. Dette kan ein relatere til talet på born i grunnskulen som ein kan fordele kostnadane på. Ein liten endring i elevmassen kan fort gjere store utslag på desse statistikkane.

Pleie og omsorg og helse er samla under helse og omsorg i tabellen. Bygland sine brutto driftsutgifter ligg over nivået i kommunegruppe 14, medan Åmli, Hægebostad og Iveland ligg under. Spesielt Iveland har særdeles låge utgifter på dette området. Ein må likevel gjere merksam på at samanlikning av utgiftene mellom enkeltkommunar kan gi eit feil biletet sidan kommunane f.eks. kan ha vesentlege demografiske ulikheitar som gir utslag på utgiftsnivået. Bygland har ei eldre befolkning enn Iveland.

Netto driftsutgifter til barnevernstenesta ligg vesentleg høgare enn kommunegruppe 14, og også mykje høgare enn Åmli og spesielt Iveland og Hægebostad. Etter betydeleg auke i dette talet frå 2018 til 2020, ser ein no ein reduksjon både frå 2020 til 2021, og frå 2021 til 2022. Dette er knyta opp mot saker innanfor barnevernet, og her kan enkeltaker gjere store utslag på statistikken. Ein venter at barnevernsutgiftene vil ligge på om lag same nivå i 2023 og 2024 også. Grafen under viser at kommunen hadde dei høgaste barnevernsutgiftene per innbyggjar i heile Agder i 2022, så vidt høgare enn Åsral.

## Netto driftsutgifter til barnevernstenesta per innbyggjar 0-17 år (kr)



## 2.2. Utvikling økonomi: Prognosar for 2024-2027

### Langsiktig gjeld


#### Status

Kommunen hadde per 01.01.23 kr 141.761.189 i langsiktig gjeld, kor startlån utgjorde kr 7.416.422 av dette. Til samanlikning så var tilsvarende tal kr 146.931.976 per 01.01.22, med startlån på kr 8.924.323. Dette inneberer at langsiktig gjeld utgjør 78 % av brutto driftsinntekter per 01.01.23. Måltaket er 75 %. Til samanlikning så hadde kommunen kr 81.774.889 i gjeld per 31.12.12, som svarte til 63 % av datidas nivå på brutto driftsinntekter.

#### Utvikling og prognose

Grafen til høgre viser at nøkkeltalet for gjeld blir redusert kraftig i 2023 grunna ekstraordinært høge inntekter, og planlagd nedbetaling av gjeld. I 2024 blir inntektene litt lågare, og låneopptak er budsjettert med rundt 1 mill. meir enn kommunen betalar i avdrag, så då går talet litt opp. Same gjelder for 2025, før det igjen blir redusert i 2026 og 2027. Uansett så ligg gjeldsgraden under måltaket for heile økonomiplan-perioden. Sidan nøkkeltalet bereknar gjeld i % av driftsinntektene, får auka i driftsinntektene veldig stor effekt på måltaket. Viss dei volatile kraftinntektene på eit tidspunkt blir redusert, vil nøkkeltalet for gjeld også auke, viss ikkje kommunen samstundes har betalt ned på gjelda. Ein gjer merksam på at prognosane som ligg til grunn for grafen er usikre.

Langsiktig gjeld i % av driftsinntektene 2013-2027



## Dispositionsfond


### Status

Kommunen hadde per 01.01.2023 kr 13.556.947 på ordinært disposisjonsfond. I byrjinga av 2017 vart det bestemt å sette av kr 5.000.000 av mindreforbruket i 2016 til eit premiefond som skal handtere den aukande amortiseringa av premieavvik. Resten av mindreforbruket for 2016 vart sett inn på disposisjonsfondet. Førebels budsjett for 2023 viser bruk av ordinært disposisjonsfond på kr 0, men dette er eit ganske usikkert tal sidan 3. budsjettjustering ikkje er gjort enno.

Av disponible fond har kommunen i tillegg eit bygdebokfond på 1,7 mill., DFV-fondet på 1 mill., rentefond på 1 mill., og flyktningefond på 12,8 mill.

### Utvikling og prognose

I 2023 gjeld auka i disposisjonsfond utelukkande avsetning av nettoinntekt frå premieavvik på 8,1 mill. til det nemte premiefondet. Det er per no ikkje budsjettert med avsetning til ordinært disposisjonsfond. Bruk av andre disposisjonsfond utgjer om lag 2,2 mill. (primært bygdebokfond og flyktningefondet), så netto avsetning vert om lag 6 mill. I 2024 er netto avsetning berre 0,2 mill., kor 1,1 mill. gjeld bruk av flyktningefond og bygdebokfond, medan 1,3 mill. gjeld avsetning til premiefondet. Avsetning til disposisjonsfond blir litt høgare frå 2025 til 2027, med nettoavsetningar på 2-3 mill. kvart av desse åra. Dette er uansett usikre prognosar.



## 3. DRIFTSBUDSJETTET

### 3.1 Overordna rammevilkår

I budsjettframlegget frå regjeringa er det lagt opp til ein reell vekst i frie inntekter til kommunane på kr 5,1 mrd., som svarar til 4,7 %. Demografikostnadene utgjer om lag kr 3,1 mrd., medan meirkostnadene til pensjon utgjer 1,8 mrd. Det er stor uvisse knytt til pensjonsanslaget. Den forventa pris- og lønnsveksten (deflator) ligg på 4,3 % for kommunesektoren.

Frå 2023 til 2024 har Bygland kommune nominell vekst i frie inntekter på 4,7 % i forhold til nivået i revidert nasjonalbudsjett 2022. Dette vil seie ein positiv realvekst på 0,4 %. I opphavleg budsjett for 2023 var det ein negativ vekst på 1,3 %, og i fleire år har kommunen hatt ein negativ vekst i frie inntekter i sjiktet 1-1,5 %, mest grunna redusert innbyggjartal. Frå 2023 til 2024 har kommunen fått 37 flyktninger som har sørga for befolkningsvekst, som er mye av grunnen til den positive realveksten.

Regjeringa foreslår at det kommunale skattøyre for personlege skattytalarar for 2024 vert sett til 10,95 prosent, som er ein reduksjon på 0,2 prosentpoeng. Auka har samanheng med eit makroøkonomisk styringsmål om at skatteinntektene for kommunane skal utgjere 40 pst. av dei samla inntektene (inkl. eigedomsskatt). Ordinær skatt på inntekt og formue (inkl. naturressursskatt) er anslått å auke med 5,6 % for kommunane samla, samanlikna med 2023.

### 3.2 Kommunen sine driftsinntekter

| Tall i 1000 kroner                       | Budsjett 2024   | Budsjett 2023   | Rekneskap 2022  |
|--|-----------------|-----------------|-----------------|
| <b>Driftsinntekter</b>                   |                 |                 |                 |
| Rammetilskot                             | -75 437         | -53 501         | -67 633         |
| Inntekts- og formuesskatt                | -32 178         | -31 144         | -32 873         |
| Eigedomsskatt                            | -10 300         | -11 000         | -9 608          |
| Andre skatteinntekter                    | -7 200          | -7 200          | -6 972          |
| Andre overføringer og tilskot frå staten | -3 749          | -2 895          | -4 282          |
| Overføringer og tilskot frå andre        | -31 645         | -42 877         | -43 007         |
| Brukarketalingar                         | -4 500          | -4 730          | -5 034          |
| Sals- og leigeinntekter                  | -15 235         | -14 909         | -15 129         |
| <b>Sum driftsinntekter</b>               | <b>-180 244</b> | <b>-168 256</b> | <b>-184 538</b> |
| <b>Finansinntekter</b>                   |                 |                 |                 |
| Renteinntekter                           | -2 180          | -1 850          | -1 485          |

|                            |                 |                 |                 |
|----------------------------|-----------------|-----------------|-----------------|
| Utbytter                   | -12 694         | -16 860         | -8 387          |
| <b>Sum finansinntekter</b> | <b>-14 874</b>  | <b>-18 710</b>  | <b>-9 872</b>   |
| <b>Sum inntekter</b>       | <b>-195 118</b> | <b>-186 966</b> | <b>-194 410</b> |

#### Generelt

Merk at tala ovanfor viser opphavleg budsjett for 2023. I revidert budsjett for 2023 er både skatteinntekter, rammetilskot og konsesjonskraftinntekter betydeleg justert opp. I opphavleg budsjett for 2023 er det og budsjettet med eit «konsesjonskrafttrekk» i rammetilskotet på 15 mill., som er hovudårsaka til at rammetilskotet i opphavleg budsjett for 2023 er så mykje lågare enn i 2023. I kommunedirektøren sitt budsjettframlegg for 2024 er frie inntekter (ordinær skatt og rammetilskot) sett til 107,4 mill. kr, som svarar til anslaga i statsbudsjettet. Skatt på inntekt og formue vil variere i takt med det kommunale skatteøyre og talet på innbyggjarar. Talet på innbyggjarar har også verknad på det ordinære rammetilskotet, saman med dei sentrale politiske retningslinene.

Veksten i samla driftsinntekter frå opphavleg budsjett 2023 til 2024 er reelt på 7,4 %. Hovudårsaka til veksten at konsesjonskrafttrekket i 2023 (15 mill.) er teke ut av rammetilskotet, og at den generelle oppgåvejusterte veksten i frie inntekter er på 4,9 %. Reduksjon i konsesjonskraftinntektene på om lag 11 mill. modererer inntektsveksten. Med ein forventa løns- og prisvekst (deflator) på 4,3 % gir dette uansett ein positiv realvekst på 2,5 %. Utbytte frå Å Energi er på nesten 12,7 mill., som er over 4 mill. høgare enn i 2022, men over 4 mill. *lågare* enn i 2023. Utbyttet for 2024 er likevel også eit historisk høgt utbytte, sidan det er det nest høgaste utbyttet dei siste ti åra, og sidan utbyttet tradisjonelt ligg i området 6-8 mill.

Sal av konsesjonskraft ligg under «overføringer og tilskot frå andre» i tabellen ovanfor, og er for 2024 til 2027 budsjettert i samsvar med prognosane frå Konsesjonskraft IKS.

Andre statlege overføringer vert auka på grunn av at kommunen får om lag 3,7 mill. i integreringstilskot til å busette flyktninger frå Ukraina i 2023. Dette er anslaget ein har per no, men i takt med at kommunen tek imot fleire flyktninger, vil dette talet auke i løpet av året. Viss inntektene blir større enn kostnadane på flyktningområdet, vil likevel inntektene bli sett av til eit flyktningfond. Renteinntekter og utbytte vil variere i takt med rentemarknaden i landet, samt overskot til utdeling frå Å Energi. Det er rekneskapsresultatet to år før budsjettåret som er grunnlaget for utbyttet frå Å Energi.

#### Avgifter og betalingssatsar

I budsjettet for 2024 er det føresleger å auke vassgebyret med 3,5 % og avlaupsgebyret med 4,7 %. Dette inneber at kommunen subsidierer nesten 1 mill. meir enn i 2023 på desse områda. I ei tid med generelt auka utgifter for innbyggjarane (m.a. til renter og straum), vel kommunen å halde att litt på auka i desse gebyra, og sidan 2024 er eit år kor kommunen har ein del ekstra millionar i kraftinntekter, har kommunen økonomi til å subsidiere meir. Prosentvis auke for både vatn og avlaup er lågare enn estimert lønnsvekst for 2024, som er 4,9 %. Merk og at påkoblingsavgifta på vatn og avlaup vert uendra.

Slamavgifta skal etter gjeldande lover og forskrifter dekke kommunen sine samla utgifter til innkøyring og behandling av slam. Det er ordinær slamtømming i 2024. Avgifta vert ikkje endra samanlikna med 2023.

Renovasjonsavgifta skal og etter gjeldande lover og forskrifter dekke kommunen sine samla utgifter til innsamling og behandling av avfall. Avgiftsnivået vert auka med 5,5 % samanlikna med 2023.

Feieavgifta vert auka med 17,6 %. Dette arbeidet vert utført av Setesdal Brannvesen IKS, og avgiftene går til å dekke kostnadene til feiearbeidet og brannsyn. Etter eit større underskot på feiemrådet i 2021 og 2022, både hos kommunen og brannvesenet, har begge partar vedteke å auke feiegebyret vesentleg. Når det gjeld dei andre avgiftsområda viser ein til gebyrrregulativet for 2024.

#### Skatt på formue og inntekt

Kommunen sine budsjetterte inntekter i form av skatt på formue og inntekt har utvikla seg slik dei siste åra (tall i tusen):

| 2014   | 2015   | 2016   | 2017   | 2018   | 2019   | 2020   | 2021   | 2022   | 2023   | 2023   |
|--------|--------|--------|--------|--------|--------|--------|--------|--------|--------|--------|
| 27 504 | 27 336 | 28 700 | 26 394 | 27 011 | 27 011 | 28 370 | 27 464 | 28 729 | 31 144 | 32 178 |

For 2024 vel ein å bruke anslaget i statsbudsjettet. Naturressursskatten på kr 4 mill. er teken ut frå denne tabellen med verknad frå 2017. For 2023 er det budsjettert med ein skatteinngang på kr 32.178.000. Ein stor del av skatteinngangen (rundt 20 %) i kommunen kjem frå kraftverk. Skatteanslaget viser ei auke på kr 1.034.000. Dette talet er alltid usikkert og er avhengig av både skatteinngangen i kommunen og heile landet.

### **Eigedomsskatt**

Når det gjeld utviklinga av eigedomsskatt i økonomiplanperioden er det først og fremst endringar i regelverket og endringar av skattegrunnlaget ein må ta omsyn til. Kommunestyret vedtek at ein skal skrive ut eigedomsskatt for året 2024 jf. eigedomsskattelova (esktl.) § 2. Kommunestyret vedtek og kva satsar og reglar som skal nyttast ved utskriving av eigedomsskatt for skatteåret 2022 jf. esktl. § 10. Frå og med 2019 vart det endringar i eigedomsskattelova. § 3 lyder no slik:

«Kommunestyret kan skrive ut eigedomsskatt på anten

- a) faste eigedomar i heile kommunen, eller
- b) faste eigedomar i klårt avgrensa område som heilt eller delvis er utbygde på byvis eller der slik utbygging er i gang, eller
- c) berre på kraftverk, vindkraftverk, kraftnettet og anlegg omfatta av særskattereglane for petroleum, eller
- d) berre på næringseigedom, kraftverk, vindkraftverk, kraftnettet og anlegg omfatta av særskattereglane for petroleum, eller
- e) eigedom både under bokstav b og c, eller
- f) eigedom både under bokstav b og d, eller
- g) faste eigedomar i heile kommunen, unntake næringseigedom, kraftverk, vindkraftverk, kraftnettet og anlegg omfatta av særskattereglane for petroleum.»

For eigedomsskatteåret 2024 skal ein skrive ut eigedomsskatt på kraftverk og kraftnett jf. esktl. § 3 fylste ledd bokstav c. Kommunen skriv og ut eigedomsskatt på bygg og eigedom knytte til det som var definert som verk og bruk i den gamle eigedomsskattelova. Når det gjeld produksjonsutstyr og -installasjoner på tidlegare verk og bruk, vert det skrive ut eigedomsskatt på 7 promille av 1/7 av taksten frå 2019, jf. overgangsregelen til den nye eigedomsskattelova.

Den alminnelege eigedomsskattesatsen for skatteåret 2024 er 7 promille, jf. esktl. § 11 første ledd. Kommunestyret fastset at eigedomsskatten skal betalast i to terminar per år, jf. esktl §25. I budsjettet for 2024 og ut økonomiplanperioden har ein lagt til grunn ein årleg samla eigedomsskatt på kr 11.000.000 som er same tal som i 2023. Dette er usikre prognosar, då ein ikkje har fått dei endelege tala enno.

Maksgrensa for fastsettjing av eigedomsskatt på kraftverk er auka frå 2,47 til 2,74 kr/ kWh med effekt frå 2013. Det er ikkje framlegg om ei ytterlegare heving for 2024. Kapitaliseringssrenta er føreslegen til å vere uendra på 4,5 % også i 2024. Per dags dato har ikkje kommunen eigedomsskatt på hus og hytter. Ei eventuell innføring av dette vil bli handsama i eiga sak. For økonomiplanperioden legg ein til grunn følgjande eigedomsskattelinntekter:

| År                                       | 2023   | 2024   | 2025   | 2026   | 2027   |
|--|--------|--------|--------|--------|--------|
| Eigedomsskattelinntekter (i heile tusen) | 11 000 | 10 300 | 10 300 | 10 300 | 10 300 |

Merk at 2023 viser opphavleg budsjett, sidan tala ikkje var klare på budsjettidspunktet. Revidert budsjett viser 11,2 mill. i 2023. Budsjettet for 2024 er som nemnt veldig usikkert. Det er nåverdien av kraftverka sin løpende gjennomsnittlege nettoinntekt over fem år som er grunnlaget for eigedomsskattegrunnlaget til kraftverka, som vil seie at viss inntektene er låge eit år vil dette dra ned gjennomsnittet. For 2024 er det åra 2018-2022 som dannar grunnlaget, som vil seie at 2017, eit år med relativt låge straumprisar, forsvinn ut av grunnlaget, medan 2022, eit år med historisk høge straumprisar, kjem inn i grunnlaget. Dette, isolert sett, skulle tyde på ei auke i eigedomsskattelinntekten i 2024, men den vedtekne auka i grunnrenteskatten, med verknad for heile 2022, vil ha negativ innverknad på kommunen sine eigedomsskattelinntekter. Det er uansett vanskeleg å talfeste dette, så ein vil vente med å justere eigedomsskattelinntekten til dei endelege tala er klare.

### **Frie inntekter**

Frå og med 2000 vart det innført eit system med løpende inntektsutjamning. Tidlegare var det slik at kommunar som har lågare skattevekst enn landsgjennomsnittet fekk dette kompensert gjennom rammetilskotet to år etter. I motsett fall ville ein kommune med høgare vekst enn landsgjennomsnittet bli trekt for dette to år etter. Dagens system inneber at svingingar i skatteinngangen

vert utjamna kontinuerleg gjennom heile året. Dette skjer gjennom det inntektsutjamnande tilskotet i rammetilskotet. For 2024 utgjer dette tilskotet kr 6.677.000.

I rammetilskotet ligg og eit tilskot til særskild fordeling på kr 1.433.000. Dette er nettoeffekten av saker til særskilt fordeling. Det vil seie at kommunen blir trekt i rammetilskotet for endringar innan finansiering av ulike tenester som anten staten finansierer direkte eller som staten meiner kommunen ikkje lenger har utgifter på. Likeins blir rammetilskotet styrka med midlar til saker som anten kommunen sjølv skal finansiere eller ekstra tiltak som staten ynskjer å sette på dagsorden, utan at dei gir øyremerkte tilskot til dei ulike tiltaka. Tilskot til særskilt fordeling er å rekne som ein del av kommunen sine frie inntekter. For 2024 er det skolehelsestenesta (kr 189.000), kompensasjon ansvarsovertaking barnevern (kr 77.000), redusert maksimalpris i barnehagen (kr 85.000) og ei vidareføring av tilskotet på kr 500.000 per skule i kommunen (som nå er deflatorjustert frå kr 1.037.000 i 2023 til 1.082.000 i 2024) som er prioriterte sakar.

Kommunen får kr 660.000 i skjønnsmidlar i 2024. Det er Statsforvaltaren i Agder som fordeler desse midlane. Det er ein reduksjon på kr 150.000 frå året før. Dette er uansett vesentleg høgare enn i 2021, då kommunen berre fekk kr 130.000 i skjønnsmidlar.

#### **Frie inntekter – prognose for perioden 2024-2027:**

Det som har mest å seie for kommunen si økonomiske utvikling i økonomiplanperioden er utviklinga i dei frie inntektene. Tabellen nedanfor viser ein prognose for dei neste fire åra. Desse tala er veldig usikre, spesielt for åra 2025 til 2027, så ein har for enkelheits skuld lagt til grunn same prognose som for 2024.

Oppsummert for åra i økonomiplanperioden opererer kommunedirektøren etter dette med følgjande anslag for frie inntekter utanom eigedomsskatt (tal i tusen):

|                                 | 2023          | 2024           | 2025           | 2026           | 2027           |
|---------------------------------|---------------|----------------|----------------|----------------|----------------|
| Rammetilskot (fast del)         | 48 997        | 68 760         | 68 760         | 68 760         | 68 760         |
| Skatt (inkl. naturressursskatt) | 35 144        | 36 178         | 36 178         | 36 178         | 36 178         |
| Inntektsutjamning               | 4 504         | 6 677          | 6 677          | 6 677          | 6 677          |
| <b>Sum frie inntekter</b>       | <b>88 645</b> | <b>111 615</b> | <b>111 615</b> | <b>111 615</b> | <b>111 615</b> |
| %-endring                       |               | 26 %           | 0 %            | 0 %            | 0 %            |

Merk at desse anslaga er veldig usikre, spesielt frå 2025 til 2027, men også for 2024 kan det skje mindre endringar.

#### **Andre statlege overføringer**

I tillegg til rammetilskotet og dei øyremerkte tilskota, som er ført under resultateiningane i driftsbudsjettet, mottek kommunen enkelte andre tilskot som ikkje er øyremerkte. Integreringstilskota er per definisjon ikkje øyremerka, men kommunen vil legge opp til at heile integreringstilskotet vert brukt på flyktningane frå Ukraina. Eventuelt til gode av tilskotet vert sett av til fond.

#### **Kompensasjonstilskot – pleie- og omsorgssektoren**

I samband med eldresatsinga, som vart vedteken hausten 1997, er det innført eit kompensasjonstilskot til dekking av renter og avdrag i samband med investeringar innan pleie- og omsorgssektoren. Dette tilskotet, saman med oppstartstilskot, gjer at utbyggingar innan denne sektoren i prinsippet skal dekkast fullt ut av staten. Det er lagt inn eit anslag for 2022 på kr 250.000,-

#### **Momskompensasjonsordninga**

Det vart frå og med 1995 innført ei momskompensasjonsordning for å dempe konkurransevridinga mellom offentleg og privat produksjon innanfor visse bransjar, m.a. bygg og anlegg. Kompensasjonen vart inntektsført året etter at investeringa var gjennomført.

Med verknad frå 2004 vart denne ordninga utvida, slik at det vart innført ei generell kompensasjonsordning for meirverdiavgift til m.a. kommunar. Den nye ordninga går ut på at kommunane får refundert all moms som er betalt til kjøp av varer og tenester, til ikkje- avgiftspliktig verksemnd. Refusjonen skal utbetalast og inntektsførast same år som kjøp av varer og tenester skjer. Formålet med utvidinga er å etablere ei ordning som kan motverke konkurransevriding mellom privat og offentleg sektor.

Ifølgje lov om kompensasjon for meirverdiavgift skal kompensasjonsordninga finansierast av kommunane sjølv. Det vil seie at kommunane blir trekte i rammetilskotet tilsvarende beløp som ein forventar at kompensasjonskravet frå kommunane blir. Frå

2014 vart ordninga endra slik at 100 % av momskompensasjon frå investeringsrekneskapen skal inntektsførast direkte i investeringsrekneskapen. Inntektsanslaget er på kr 4.700.000 i driftsbudsjetten. I driftsbudsjetten er følgjande kompensasjon utreksna (tal i heile 1000 kr):

| År                               | 2023  | 2024  | 2025  | 2026  | 2027  |
|----------------------------------|-------|-------|-------|-------|-------|
| Mva-kompensasjon (i heile tusen) | 3 700 | 4 700 | 4 700 | 4 700 | 4 700 |

Anslaga er basert på faktiske rekneskapstal per oktober 2023 og er relativt usikre for heile økonomiplanperioden. Det er ingen fare om inntekta over er budsjettet feil, sidan den uansett blir nulla ut av mva-kostnaden på mva-kompensasjonsområdet, som er budsjettet med ein kostnad på 4,7 mill. for heile økonomiplanperioden.

#### **Integreringstilskot – flyktninger**

Kommunen får i ein 5-års periode ein fast sum for kvar flyktning som busett seg i kommunen. Kommunen har tidlegare satt av pengar til eit fond som skal dekke kostnadene knytt mot dette området etter at tilskota er redusert. For 2024 får kommunen kr 3,7 mill. i integreringstilskot knytte til flyktningane frå Ukraina. Dette talet vil riktig nok fort endre seg når kommunen tek imot fleire flyktningar.

#### **Konsesjonskraftinntekter**

Den konsesjonskrafta Bygland kommune, som utbyggingskommune, har rett til å ta ut vert forvalta gjennom Konsesjonskraft IKS (KIKS). For økonomiplanperioden har ein lagt til grunn følgjande årlege inntekt (tal i heile 1000 kr):

| År                       | 2023   | 2024   | 2025   | 2026   | 2027   |
|--------------------------|--------|--------|--------|--------|--------|
| Konsesjonskraftinntekter | 31 600 | 20 300 | 20 300 | 20 300 | 20 300 |

KIKS legg til grunn konsesjonskraftinntekter på 20,3 mill. årleg i åra 2024 til 2027. KIKS har elles i sin prognose lagt til grunn at inntektene i eit «normal-år» bør ligge rundt på rundt 15 mill., men i deira prognose er ikkje dette talet lagt inn før frå 2028. Konsesjonskraftinntektene er sterkt korrelerte med straumprisane, og straumprisgrafen i kapittel 1.1 viser kvifor ein med må leggje inn ein stor grad av usikkerheit knytte til framtidige konsesjonskraftinntektsprognosar. Prognosene for 2024 er relativt sikker, men prognosane for 2025 til 2027 er veldig usikre. Om konsesjonskraftinntektene blir redusert til nivåa rundt 2016-2020, vil kommunen få store problem med å få driftsbudsjetten i balanse.

#### **Inntekter frå Å Energi AS**

Det vart i 2018 vedteke at Agder Energi (no Å Energi) skulle behalde meir av overskotet i selskapet til framtidige investeringar. Som ein følge av dette vert det vedteke ein ny utbyttemodell til eigarane. Den vedtekne utbyttemodellen fekk verknad frå 2019. I den nye utbyttemodellen er rettleiande utbytteprosent sett til 70 %. Etter den gamle modellen vart utbytte fordelt etter eit prinsipp om 100 % dekning av dei første 400 mill. + 60 % av overskytande.

Kommunen fekk i 2020 eit samla utbytte frå Agder Energi AS på kr 6.797.000. Dette var ut frå ein eigardel på 1,111 % (utbytte frå oversket i 2018 som vart utbetalt i 2020). I 2021 stupte denne inntekta til om lag 3,6 mill. I revidert budsjett 2022 vert utbyttet justert opp til om lag 8,4 mill., sidan det vart vedteke å take med gevinsten ved sal av eit selskap inn i utbyttegrunnlaget. For 2024 er det resultatet for 2022 som er utbyttegrunnlaget, i tillegg til at alle Agder-kommunar får eit ekstra tillegg på utbyttegrunnlaget for 2023 til 2025 som følgje av fusjonen mellom Agder Energi og Glitre Energi.

Utbytte frå Å Energi AS 2015-2024  
(tal i millionar kr)



Å Energi sitt resultat i 2023 dannar grunnlaget for utbyttet i 2025, og per 1. halvår 2023 kan selskapet vise til eit resultat på 1,1 mrd., som er tilnærma det same som året før. Difor legg ein til grunn same utbytte i 2025 som i 2024. For 2026 og 2027 har ein ingen føresetnad for å predikere tala. Basert på dette, så legg ein til grunn følgjande inntekter i økonomiplanperioden (tal i tusen):

| År                          | 2023   | 2024   | 2025   | 2026   | 2027   |
|-----------------------------|--------|--------|--------|--------|--------|
| Utbytte frå Agder Energi AS | 16 860 | 12 694 | 12 694 | 12 694 | 12 694 |

#### Naturressursskatt


Naturressursskatt er ein særskatt for kraftproduksjonsanlegg, og utgjer 1,3 øre/KWh, kor 1,1 øre går til primær-kommunen og 0,2 øre til fylkeskommunen. Naturressursskatten er skilt ut frå dei ordinære skatteinntektene og ligg som ein eiga inntekt under linje 4 i budsjettetskemaet «bevillingsoversikt drift». Denne er estimert til kr 4.000.000 for 2024 og ut økonomiplanperioden. Denne inntekta er ein del av skatteutjamninga.

#### Generelt om kraftrelaterte inntekter

Grafen til høgre viser utviklinga i kommunen sine kraftrelaterte inntekter, frå 2015 til 2024, justert til 2023-kroneverdi: Eigedomsskatt lengst nede, så utbytte frå Å Energi, deretter konsesjonskraft, og heilt øvst inntekter frå konsesjonsavgifter.

Merk at ein mindre del av eigedomsskattinntekta er inntekta frå verk og bruk som ikkje er kraft-relaterte (om lag 0,5 mill.). I eigedomsskatten inngår også eigedomsskatt frå kraftliner, som ikkje er påverka av straumprisane, slik som eigedomsskatten frå kraftverk er. I 2018 var det ein korrekjon på konsesjonskraft som gjorde at inntektene vart om lag 2 mill. høgare enn vanleg, elles er tala i grafen for det meste samanliknbare med kvarandre, også på tvers av årstala, sidan tala er justert til same kroneverdi (2023).

I 2015 var kraftinntektene nesten 30 millionar, målt i 2023-kronar. Til samanlikning var kraftinntektene 24,7 millionar i opphaveleg budsjett 2021, og snaue 26 millionar i 2017 og 2019. Her er det riktig nok viktig å påpeike at revidert budsjett for 2021 vil la til grunn ei auke i konsesjonskraft-inntekter på 2,5 millionar. Grafen illustrerer likevel sviningane i kraftinntektene, og at kommunen er veldig sårbar for desse sviningane. For 2023 var kraftinntektene over dobbelt så høge som nokre av dei tidlegare åra, men då blei kraftkommunar i heile landet ofre for det statlege konsesjonskrafttrekket. I 2024 er kraftinntektene framleis høge, totalt 47 mill., og det er ikkje føreslede noko konsesjonskrafttrekk i statsbudsjettet. Dette gir kommunen eit ekstra handlingsrom til å gjennomføre ekstraordinære tiltak i driftsbudsjettet for 2024. Ein må likevel påpeike at når kraftinntektene er på sitt lågaste er ikkje kommunen sin økonomi berekraftig, til det er kostnadane for høge.



### 3.3 Kommunen sine driftsutgifter

| Tall i 1000 kroner                               | Budsjett 2024  | Budsjett 2023  | Rekneskap 2022 |
|--|----------------|----------------|----------------|
| <b>Driftsutgifter</b>                            |                |                |                |
| Lønnsutgifter                                    | 90 262         | 86 318         | 87 341         |
| Sosiale utgifter (pensjon og arbeidsgivaravgift) | 24 228         | 13 946         | 19 842         |
| Kjøp av varer og tenester                        | 55 860         | 53 481         | 53 669         |
| Overføringer og tilskot til andre                | 13 678         | 17 347         | 20 141         |
| <b>Sum driftsutgifter</b>                        | <b>184 028</b> | <b>171 092</b> | <b>180 993</b> |
| <b>Finansutgifter</b>                            |                |                |                |
| Renteutgifter                                    | 7 000          | 5 498          | 3 436          |
| Avdrag på lån                                    | 6 190          | 6 190          | 7 263          |
| <b>Sum finansutgifter</b>                        | <b>13 190</b>  | <b>11 688</b>  | <b>10 699</b>  |
| <b>Sum utgifter</b>                              | <b>197 218</b> | <b>182 780</b> | <b>191 692</b> |

#### Generelt

Samla utgifter er auka med 7,4 %, tilsvarande 13,5 mill. I løpet av 2023 opplever ein høg prisvekst, vesentleg høgare rente, høg lønnsvekst, og ei betydeleg auke i pensjonsutgifter. I følgje prognosane vil dette halde fram i 2024. Merk også at tabellen ovanfor viser opphavleg budsjett for 2023, og dette budsjettet har blitt revidert i løpet av året slik at faktiske budsjetterte utgifter i 2023 er betydeleg høgare enn i tabellen ovanfor. Om ein samanliknar utgifter i revidert budsjett per 2. tertial 2023, som er 187,7 mill., med tala for 2024, så er auka frå 2023 til 2024 på 4,7 prosent, som er litt høgare enn deflatorprognosene for 2024. Deflatoren er ein vekta indeks bestående av prognosar for løns- og prisvekst, spesielt tilpassa kommunal sektor. Ein veit og at pensjonsutgiftene har auka betydeleg i løpet av 2023, men dette blir ikkje justert før i siste budsjettjustering for 2023.

Om ein samanliknar opphavleg budsjett 2023 med budsjettet for 2024, så er det auka i pensjonsutgifter, dryge 10 mill., som bidreg desidert mest til den samla auka i utgifter. Lønnsutgifter aukar med nesten 4 mill. Dette samsvarar ganske godt med lønnsvekstprognosene. Kjøp av varer og tenester aukar med tilnærma same prosentsats som deflatorprognosene for 2024, som er 4,3 %. Budsjettposten overføringer og tilskot til andre vert kraftig redusert, då det i opphavleg budsjett for 2023 låg inn 6 mill. til rundkøyringa på Bygland. I revidert budsjett for 2023 vil for øvrig denne i stor grad vere eksternt finansiert. Renteutgiftene er auka med 1,5 mill., medan avdragsutgiftene er på same nivå som i opphavleg budsjett for 2023.

#### Løns- og prisvekst

Regjeringa legg til grunn ei vekta pris- og kostnadsauke («deflator») frå 2023 til 2024 på 4,3 %. Årlønnsveksten i 2023 er sett til 4,9 % basert på anslag i statsbudsjettet. For 2023 var lønnsveksten opphavleg 4,2 %, men så blei han justert opp til 5,4 % i løpet av året. Normalt blir ikkje lønnsvekstprognosene enda i løpet av året, men dette har skjedd dei siste par åra, grunna generelt usikre tider i økonomien både internasjonalt og nasjonalt. Lønnsvekstprognosene på 4,9 % for 2024 er altså ikkje ei sikker prognose.

På lønspostane har ein lagt inn alle auka utgifter som er kjent per i dag. For å dekke lønsauke i løpet av 2024 er det lagt inn ein reserve på kr 3.330.000. Dersom denne ramma vert for lita, vil den bli justert i ei budsjettjustering i løpet av året. Dette er basert på ein lønsauke på 4,9 % der overhenget for kapittel 4 er budsjettert på eininga. Derfor trekker ein ut overhenget på ca. 1,8 %. Avsetninga er basert på om lag 3 % av samla lønskostnadene.

#### Pensjonsutgifter

Kommunesektoren har dei siste åra opplevd ein formidabel auke i pensjonsutgiftene. Frå og med rekneskapsåret 2003 kom det nye reglar for føring av pensjon. Desse reglane skal føre til at pensjonsbelastninga kan fordelast over fleire år, slik at kommunen sine utgifter til dette vert meir stabile. I samband med dette vedtok kommunestyret å fordele desse utgiftene på 15 år. Med verknad frå 2011 vert desse fordelt over 10 år. Frå og med 2015 skal premieavviket, som er differansen mellom innbetalt pensjonspremie og netto pensjonskostnad, fordelast over 7 år. Dette aukar amortiseringskostnadane for tidlegare inntektsført premieavvik. Det er estimert eit ekstraordinært høgt premieavvik i 2023, og dette vert ført som ei inntekt i året premieavviket oppstår, og som ein kostnad dei sju neste åra når premieavviket skal amortiserast. Sett mot amortiseringskostnadane, ligg det

inne ei nettoinntekt i opphavleg budsjett for 2023 på 8,9 mill. relatert til premieavvik på pensjon. Tilsvarande inntekt i 2024 er berre 2,1 mill., altså nesten 7 mill. lågare. Denne inntekta, som eigentleg ikkje er ei reell inntekt, blir vist som ein reduksjon av pensjonsutgiftene i tabellen ovanfor, og er derfor ein stor del av årsaka til at sosiale utgifter (pensjon og arbeidsgivaravgift) aukar med 10,3 mill. samanlikna med 2023. Den resterande delen av auka er relatert til ei auke i premiesatsen på pensjon, jf. prognose frå KLP, tilsvarande 2,7 mill., samt arbeidsgivaravgiftsauke i samsvar med dette. Premiesats for pensjon hos KLP er estimert til 19,5 %. Den store nettoinntekta knytte til premieavviket i 2023, som er mykje lågare i 2024, er altså hovudårsaka til at sosiale utgifter aukar kraftig frå 2023 til 2024. Ein gjer merksam på at heile denne inntekta er anbefalt avsett til kommunen sitt fond for framtidige amortiseringskostnadar frå premieavvik. Premieavviket for 2023, må amortiserast med ein kostnad på om lag 2 mill. årleg i sju år frå og med 2024, og ein vil då bruke av pensjonsfondet dei åra det ikkje er rom for å dekke denne kostnaden i ordinær drift.

Avslutningsvis er det viktig å påpeike at pensjonsprognosane for neste år er særdeles usikre, og, viss det vert rom for det, vil ein anbefale at det vert sett av ein buffer til potensiell kostnadsauke på dette området.

#### Rente- og avdragsbelastning

Kommunen si netto lånegjeld pr. 01.01.2023 er på om lag 141 millionar, der startlån utgjer ca. 7,5 mill. Renteeksponert gjeld utgjer ca. kr 98 millionar av det totale gjeldsbilete. Med unntak av 2017, 2018, 2021 og 2022 har kommunen si lånegjeld auka over dei siste åra. Ved slutten av 2023 er gjelta venta å ligge på eit lågare nivå enn per 31.12.22, grunna ekstraordinært høge inntekter som blir brukt til å betale ned gjeld, samt midlar frå driftsrekneskapen som blir overført til investeringsrekneskapen for å finansiere investeringane i 2023. I 2024 og 2025 vert det igjen ei auke av gjelda, medan i åra 2026 og 2027 er planen å redusere gjelta noko. Den planlagde gjeldsreduksjonen i 2023 legg grunnlaget for at kommunen sitt nøkkeltal på gjeld ligg under målalet for heile perioden 2024-2027, trass i gjeldsauka i 2024 og 2025. Målalet på gjeld er at gjelta skal være maksimalt 75 % av brutto driftsinntekter. For utviklinga i dette talet viser ein til kapittel 2.

Den nye kommunelova slår fast at kommunane må bruke forenkla metode for berekning av minimumsavdraget. For mange kommunar fekk dette negative økonomiske konsekvensar, men sidan Bygland kommune allereie brukar forenkla metode, vart ikkje kommunen påverka av desse endringane. Forenkla metode inneberer at kommunen sine avdrag vert berekna etter følgjande formel:

$$\text{Minimumsavdrag} = \frac{\text{Rest lånegjeld}}{\text{Sum avskrivingar} \times \frac{\text{Sum bokført verdi varige driftsmidlar}}{}}$$

Kor avskrivingane reflekterer årleg verdiforringing av driftsmidlane. Auke i avskrivingane vil bety at minimumsavdraget aukar, viss ingen av dei andre faktorane vert endra. Nokre investeringar avskrivast over 50 år, og blir på den måten ein del av avdragsberekinga i alle desse 50 åra. Minimumsavdraget per 2024 synleggjer difor ikkje berre den kapitalkostnaden på nyare investeringar, men også på investeringar gjort for mange år sidan. Reduksjon i lånegjeld kan bidrage til å redusere minimumsavdraget, men i slike tilfelle vert gjerne sum bokført verdi av varige driftsmidlar og redusert, noko som igjen gjer at reduksjonen i minimumsavdrag vert mindre.

Kommunen sine avdragsutgifter i 2024 er budsjettert til kr 6.190.000. Relativt lågt investeringsnivå i 2022 og 2023 gjer at ein ikkje legg til grunn ei auke her, men ein gjer merksam på at dette talet er litt usikkert. Avdragsutgiftene har elles auka jamt kvart år sidan 2013, då denne kostnaden var berre om lag 2,7 mill. For 2025 til 2027 legg ein opp til å betale meir enn minimumsavdraget, og desse prognosane er derfor sikrare enn i 2024, men dei vil sjølv sagt også avhenge av den generelle økonomiske situasjonen i kommunen, sidan å betale meir enn minimumsavdraget fordrar at kommunen har økonomisk handlingsrom til det.

Det er budsjettert med 5 % rente i 2024, basert på prognosar frå Kommunalbanken. I opphavleg budsjett for 2023 var renteprognosan 3,6 %, men denne er blitt justert opp i løpet av året. Det er budsjettert med kr 7.000.000 i renteutgifter for 2024, inkl. kr 200.000 i renter på startlån. I økonomiplanperioden er det budsjettert med følgjande finansutgifter:

|                                | 2023          | 2024          | 2025          | 2026          | 2027          |
|--------------------------------|---------------|---------------|---------------|---------------|---------------|
| Renteutgifter – ordinære lån   | 5 300         | 6 800         | 5 800         | 5 800         | 5 800         |
| Avdragsutgifter – ordinære lån | 6 190         | 6 190         | 7 330         | 7 700         | 7 700         |
| <b>Sum finansutgifter</b>      | <b>11 490</b> | <b>12 990</b> | <b>13 130</b> | <b>13 500</b> | <b>13 500</b> |

Renteutgiftene på startlån blir uansett dekt inn av renteinntekter frå dei som har startlån i kommunen, og er derfor ikkje vist i tabellen ovanfor. Når det gjeldt renta generelt, så er spesielt anslaga for 2025 til 2027 er veldig usikre, men også anslaget for 2024 er langt frå sikkert. Rentekostnadane er redusert frå 2025 og utover, i samsvar med prognosar frå Kommunalbanken. Det er lagt opp til ordinært finansieringsbehov via lånemidlar til investering på 7,1 mill. i 2024. Investeringane blir finansierte med eventuelle unytta lånemidlar frå 2023 kombinert med nytt låneopptak. Sal av fast eigedom og anleggsmidlar, spelemidlar og eventuelle andre tilskot kan og inngå som delar av finansieringa. Det er budsjettert med opptak av startlån tilsvarende 1 mill. i året for heile perioden, men dette vil variere ut frå kor mange startlånnssøknadar som blir innvilga, og ved behov vil ein kunne vedta budsjettendringar på dette området i løpet av året.

#### Konsesjonsavgifter og næringsfond

Kommunen har årlege konsesjonsavgifter på om lag kr 3.200.000. 01.01.2023 var det inneståande kr 18.785.000 på næringsfondet, kor kr 17.780.000 er bundne midlar. Dette er ein reduksjon frå året før, kor tilsvarande tal var kr 19.136.000. Renteavkastninga på næringsfondet er estimert til kr 500.000 for 2024, som vil seie at total avkastning frå næringsfonda er på kr 3,7 mill. (konsesjonsavgifter og renteavkastning). Mot slutten av 2023 vil ein budsjetttere med å auke saldoen på næringsfondet, men det er ikkje endeleg klart kor mykje, så saldoen under per 1.1.24 er eit estimat.

| Status for næringsfond                         | Beløp            |
|--|------------------|
| Estimert saldo pr. 1.1.24                      | 19.100.000       |
| Grunnkapital                                   | -17.780.000      |
| <b>Disponibel kapital (estimat) per 1.1.24</b> | <b>1.420.000</b> |

Dette er estimert saldo, inkludert forventa avkastning for 2023. Det er i 2023 budsjettert med ei renteavkastning på kr 450.000 som vert ført til disponibel saldo ved slutten av året. Grunna auke rente vert antakeleg dette beløpet litt høgare enn budsjettet. I 2024 budsjetterer ein med ei avkastning på kr 500.000.

Det er og verdt å merke seg at kommunen har to andre fond som også kan brukast til næringsretta formål:

| Andre kommunale fond til næringsformål                             | Beløp          |
|--|----------------|
| Tilskot til kommunale næringsfond i samband med Covid-19           | 165.000        |
| Gamle prosjektmidlar knytte til kvinner i næringslivet             | 151.000        |
| <b>Disponibel kapital andre «næringsfond» (estimat) per 1.1.23</b> | <b>316.000</b> |

#### Bruk av næringsfond i 2024:

| Bruk næringsfond 2024                                     | 2024             |
|---|------------------|
| Tilskot til Setesdal Regionråd                            | 1 300 000        |
| Tilskot til turistinformasjon                             | 95 000           |
| Tilskot til Norsk Landbruksrådgiving Agder                | 30 000           |
| Tilskot til Bygland Sikringsradiolag (avtale om drifting) | 10 000           |
| Landbrukstilskot  | 810 000          |
| Bjoren  | 200 000          |
| Omstillingsprogrammet, kommunal andel                     | 500 000          |
| Reguleringsplan Byglandsfjord                             | 500 000          |
| Næringsutvikling - (Andel lønn)                           | 230 000          |
| Avdrag langsiktig gjeld til samfunnsutvikling             | 365 000          |
| <b>Sum</b>  | <b>4 040 000</b> |

#### Næringsfremmande tiltak:

Kommunen har ein næringsansvarleg som har arbeidd med næringsutvikling saman med resten av næringsgruppa. Det er budsjettert med bruk av kr 230.000 av næringsfondet til løn til næringsansvarleg. Ein har i tillegg inntil kr 316.000 av andre fondsmidlar som kan nyttast til næringstilskot, som vist i tabellen ovanfor næringsfond-tabellen. Omstillingsprogrammet blir eit veldig sentralt og omfattande næringsfremmande tiltak i 2024 og framover. Den kommunale eigenandelen er kr 500.000.

#### Turisme:

Det er sett av kr 200.000 til Bjoren i 2024. Dette er ei auke på kr 50.000 samanlikna med 2023, for å matche tilskotet som fylkeskommunen har løyvd til Bjoren. Det er også sett av kr 95.000 til å drifta den kommunale turistinformasjonen for sommaren 2024, ei auke på kr 5.000 samanlikna med 2023.

#### Landbruk og viltforvaltning:

- Under landbrukstilskot er det budsjettert med om lag kr 700.000 i tilskot til oppføring av driftsbygg i Jordalsbø. Dette gjeld gardsverksemda Salvehus Gard, og følger av vedtak om tilskot i 2023. Tilskotet blei eigentleg budsjettert i 2023, men blir overført til 2024, i samsvar med progresjonen i saka. Den resterande delen av denne budsjettposten er ein mindre buffer til eventuelle andre sakar.
- Det er også i 2024 budsjettert med kr 30 000 som tilskot til Norsk Landbruksrådgjeving.
- Det er føreslege å auke løvyinga til Bygland sikringsradiolag frå kr 5.000 til kr 10.000.

#### Infrastrukturelle tiltak og planarbeid:

Ein held fram arbeidet med å revidere reguleringsplanen på Byglandsfjord i 2024.

#### Generelt:

Det er semje mellom alle deltakarkommunane i Setesdal Regionråd. Storleiken på det kommunale tilskotet vert vidareført med kr 1,3 mill.

#### **Næringsfond 2024-2027:**

Det vert budsjettert med følgjande bruk og avkastning på næringsfondet i økonomiplanperioden:

|   | 2023        | 2024        | 2025        | 2026        | 2027        |
|---|-------------|-------------|-------------|-------------|-------------|
| Avkastning                                | 3 650       | 3 700       | 3 700       | 3 700       | 3 700       |
| Bruk av næringsfond                       | -4 040      | -4 040      | -4 040      | -4 040      | -4 040      |
| <b>Netto bruk (-) eller avsetning (+)</b> | <b>-390</b> | <b>-340</b> | <b>-340</b> | <b>-340</b> | <b>-340</b> |

Bruk av næringsfond for 2023 vil bli justert i 3. budsjettjustering for 2023, men ein har ikkje desse tala klare i skrivande stund. Det er ikkje laga detaljbudsjett for bruk av næringsfond i åra 2025-2027, så desse tala er svært usikre. Ekspansiv bruk av næringsfondet dei siste åra har tæra på den frie kapitalen, så det bli gjort ein vurdering i forkant av budsjettet for 2025 kor ein mest sannsynleg vil leggje opp til mindre bruk enn kva som er budsjettert med i økonomiplanen per no. Mykje tyder og på at netto bruk i 2023 vert ein del lågare enn budsjettet grunna høgare renteavkastning i løpet av året, og litt mindre bruk enn budsjettet.

## Driftsbudsjett 2024-2027

I økonomiplanen er utviklinga som følgjer:

| Tall i 1000 kroner   | Rekneskap<br>2022 | Budsjett<br>2023 | Økonomi-<br>plan 2024 | Økonomi-<br>plan 2025 | Økonomi-<br>plan 2026 | Økonomi-<br>plan 2027 |
|--|-------------------|------------------|-----------------------|-----------------------|-----------------------|-----------------------|
| <b>Generelle driftsinntekter</b>                               |                   |                  |                       |                       |                       |                       |
| Rammetilskot   | -67 633           | -53 501          | -75 437               | -75 437               | -75 437               | -75 437               |
Dei fleste av dei eksterne samarbeida har eigne rekneskap og budsjett. For dei som har det, viser ein til budsjett og økonomiplan for samarbeida som vert lagt fram som referatsakar til kommunestyret.

#### Driftsbudsjet

| Tall i 1000 kroner                          | Budsjett<br>2023 | Økonomiplan<br>2024 | Økonomiplan<br>2025 | Økonomiplan<br>2026 | Økonomiplan<br>2027 |
|---|------------------|---------------------|---------------------|---------------------|---------------------|
| <b>Eksterne samarbeid</b>                   |                  |                     |                     |                     |                     |
| Grunnbudsjett                               | 20 564           | 23 472              | 23 540              | 23 567              | 23 593              |
| Ekstraordinære tiltak: Onboarding IKT Agder | 1 800            | 440                 |                     |                     |                     |
| <b>Sum Eksterne samarbeid</b>               | <b>22 364</b>    | <b>23 912</b>       | <b>23 540</b>       | <b>23 567</b>       | <b>23 593</b>       |

Om ein ser på grunnbudsjetta over, som er dei tala som er mest samanliknbare, er auka frå 2022 til 2023 på 2,2 %, som er under deflatorveksten på 3,7 %.

## Driftsbudsjett per samarbeid

| Tall i 1000 kroner                             | Rekneskap<br>2022 | Budsjett 2023 | Budsjett 2024 | Endring<br>frå '23 til '24 |
|--|-------------------|---------------|---------------|----------------------------|
| <b>Eksterne samarbeid</b>                      |                   |               |               |                            |
| <b>Fellesutgifter/sektorovergripande</b>       |                   |               |               |                            |
| • Driftstilskot Setpro                         | 293               | 370           | 320           | -50                        |
| • Interkommunal arbeidsgjevarkontroll          |                   |               |               |                            |
| • Sakar som eventuelt krev settesakshandsamar  |                   |               |               |                            |
| <b>Kontrollutvalet</b>                         | <b>141</b>        | <b>151</b>    | <b>157</b>    | <b>6</b>                   |
| <b>Revisjon</b>                                | <b>699</b>        | <b>645</b>    | <b>682</b>    | <b>37</b>                  |
| <b>IKT</b>                                     | <b>3 304</b>      | <b>4 500</b>  | <b>4 240</b>  | <b>-260</b>                |
| <b>PPT</b>                                     | <b>696</b>        | <b>825</b>    | <b>905</b>    | <b>80</b>                  |
| <b>Musikk og kulturskule</b>                   | <b>462</b>        | <b>500</b>    | <b>620</b>    | <b>120</b>                 |
| <b>Aust-Agder museum og arkiv - Museumsdel</b> | <b>426</b>        | <b>437</b>    | <b>437</b>    | <b>0</b>                   |
| <b>Setesdal barnevern</b>                      | <b>3 803</b>      | <b>4 521</b>  | <b>5 778</b>  | <b>1257</b>                |
| <b>Legetenesta inkl. KØH og legevakt</b>       | <b>2 386</b>      | <b>4 555</b>  | <b>4 631</b>  | <b>76</b>                  |
| <b>Kommunal øyeblikkelig hjelp</b>             | <b>0</b>          | <b>0</b>      | <b>0</b>      | <b>0</b>                   |
| <b>Lokalmedisinske tenester</b>                | <b>560</b>        | <b>618</b>    | <b>633</b>    | <b>15</b>                  |
| <b>Setesdal Brannvesen IKS</b>                 | <b>2 839</b>      | <b>2 842</b>  | <b>3 068</b>  | <b>226</b>                 |
| <b>NAV Midt-Agder</b>                          | <b>1 238</b>      | <b>1 750</b>  | <b>1 750</b>  | <b>0</b>                   |
| <b>UNESCO (Gorlaus)</b>                        | <b>0</b>          | <b>350</b>    | <b>391</b>    | <b>41</b>                  |
| <b>Vassdragsstyre for øvre Otra</b>            | <b>-173</b>       | <b>300</b>    | <b>300</b>    | <b>0</b>                   |
| <b>Sum driftsutgifter</b>                      | <b>16 674</b>     | <b>22 364</b> | <b>23 912</b> | <b>1 548</b>               |


Merk at samarbeidet på legetenesta blei sett i verk i løpet av 2022, og hadde difor lågare kostnad dette året. Resten av kostnaden i 2022 blei ført under eining Helse.

Når det gjeld barnevern, så er det alltid ein viss risiko for budsjetttauke i løpet av året. For eksempel om det oppstår ei ny fosterheimssak, vil det vere snakk om ein kostnad på om lag kr 700.000 ekstra, og endå meir om det er snakk om institusjonsplass. Frå 2023 til 2024 har ein fått ein slik krevjande og kostbar barnevernssak, som er budsjettert med 1,5 mill. Om ikkje det var denne saka, ville barnevernsbudsjettet blitt redusert.

I IKT-budsjettet er det ekstraordinære kostnadene på om lag kr 400.000 som blir trekt ut av budsjettet frå og med 2025. I brannvesenet er det mindre justeringar mellom åra i heile økonomiplanperioden.

## 5.4 Stab, samfunnsutvikling og kultur

### Organisering



### Status og utfordringsbilete

Bygland kommune har hatt god økonomi og leverer gode tenester. Vi ser at sentrale føringer og redusert tal på arbeidsføre kan utfordre både økonomien og dei kommunale tenestene. Da er det viktigare enn nokon gong å utnytte dei menneskeleg ressursane. Ein ser at frivillig engasjement og frivillige organisasjonar blir enda viktigare framover. Eit godt samspel mellom kommunen og interesseorganisasjonar er avgjerande for å lykkast.

Berekraftig utvikling er eit overordna mål for samfunnsutviklinga i Noreg og internasjonalt. I det ligg det ei samfunnsutvikling som kan vere ved over tid utan at det går utover moglegheitene til noverande eller komande generasjonar. Berekraftig utvikling blir ofte beskrive ut frå dei tre dimensjonane økonomisk berekraft, miljømessig berekraft og sosiale tilhøve. Desse dimensjonane er gjensidig avhengig av kvarandre.

Bygland kommune skal utvikle ein tilpassingsdyktig organisasjon som evnar å møte utfordringar og behov på nye måtar. Kommunen skal planlegge langsiktig og arbeide systematisk på tvers av fag og sektorar for å levere godt samordna tenester av høg kvalitet. Kommuneøkonomien skal styrast slik at vi kan handtere dei utfordringane kommunen og lokalsamfunnet står overfor. Kommunen skal medverke til å utvikle lokalsamfunnet og gjere det attraktivt å leve og bu her, mellom anna gjennom god planlegging.

### Prioriteringar per satsingsområde i kommuneplanen

#### 1. Attraktive og livskraftige sentra og bygdelag

##### **Reguleringsplan Byglandsfjord sentrum (#4)**

Kommunen er i gang med ein moglegheitsstudie for å utarbeide og analysere strategiar for langsiktig utvikling av Byglandsfjord sentrum. Revidering av gjeldande reguleringsplanar vil ha fokus på område som treng forsterking og forbetring og på manglar i føresegnene. Utarbeidning av konseptskisse for industriområde.

##### **Reguleringsplan Bygland sentrum (#5)**

Revidering av gjeldande reguleringsplanar skal legge til rette for betre sentrumskvalitetar og trafikktryggleik. Arbeidet blir sett i samanheng med utviklinga på Presteneset.

##### **Utvikle Presteneset basert på gjeldande reguleringsplan og moglegheitsstudien (#7 og #8)**

Vi startar med etablering av bustadområdet i sør. Investorar blir invitert til å foreslå korleis området kan utviklast. Moglegvis nytte utbyggingsavtale for etablering av teknisk infrastruktur. Styrke og utvikle området rundt Brygga.

#### ***Oppdaterte og tilrettelagte lokale for ungdomsklubben (#10)***

Tilrettelege lokala i samarbeid med tilsette og brukarar av ungdomsklubben.

#### ***Kjøp av hensiktsmessig tomteareal både for bustad og næring (#14)***

Mogleg kjøp av rutebilstasjonen på Byglandsfjord lenger uti økonomiplanperioden.

#### ***Informere godt i sosial media og andre informasjonskanalar om tilbod, tenester og prosjekt med fokus på klarspråk (#15)***

Vi skal auke kompetansen innan informasjonsarbeid og ha fokus på målgrupper i kommunikasjonen.

#### ***Utviklingsprosjekt vekst rundt Byglandsfjorden***

Vi skal sette Byglandsfjorden i fokus og skape aktivitet og utvikling ut i frå denne. I samarbeid med investorar, ildsjeler og familjø. Denne satsinga må bli sett i samanheng med omstillingsprosjektet.

### **2. Verdiskaping og berekraft**

#### ***Leggje til rette for nye, regulerte og ferdig opparbeidde industriområde (#17)***

Behovet for nye industriområde blir vurdert i arbeidet med kommuneplanen sin arealdel.

### **3. Utdanning og kompetanse**

#### ***Utnytte potensialet i ordninga «varig tilrettelagt arbeid (VTA)» (#28)***

Behovet for arbeidskraft vil auke framover. Gjennom å nyte restarbeidsevne så aukar vi kapasiteten og fleire får moglegheit til å delta i arbeidslivet.

#### ***Etablere kommunale lærlingepllassar/praksisplassar der det er behov (#30)***

Vi skal prioritere opplæring av fagfolk for å møte framtida sine behov til kompetanse. Gjennom å tilby lærlingepllassar/praksisplassar så får vil tilgang til oppdatert kompetanse og moglege framtidige tilsette.

#### ***Etablere lesesal for studentar i kommunen (#32)***

Lesesalen skal samlokaliseraast med co-workingspaces slik at studentane kan få tilgang på kompetanse og skape nettverk.

#### ***Sjå på regionale erfaringar med alternativ kollektivtransport i samarbeid med fylkeskommunen (#34)***

Agder fylkeskommune har teke initiativ til å sjå på mobilitetsløysingar i fylket. Basert på erfaringar frå desse kan vi sjå på alternative måtar å tilby kollektivtransport på.

### **4. Kultur, idrett og friluftsliv**

#### ***Rydde og merke turvegar basert på sti- og løypeplanen, i regi av sti- og løypelag (#35)***

Tilgang på turvegar bidreg til folkehelse og er eit lågterskeltilbod. Det er fokus på at alle grendelag skal ha tilgang på merka turvegar.

#### ***Vidareutvikle kulturskulen sitt opplæringsstilbod innan kunst og kultur (#39)***

#### ***Leggje til rette for formidling av lokal kulturarv (#41)***

UNESCO-satsinga er prioritert med kr 350.000 i åra 2023-2025 til interkommunal stilling innanfor dette fagfeltet.

### **Utvikle Ose som senter for kulturformidling (#42)**

Vi skal saman med lokale eldsjeler, verkemiddelapparatet og næringsliv utvikle og styrke Ose som kulturformidlar. Etablering av brygge til Bjoren og turveg.

### **Synleggjere og utvikle stasjonsområdet på Byglandsfjord (#43)**

Vi skal saman med private aktørar og frivilligheita skape ein møteplass og eit stoppunkt for besøkjande.

### **Merke kulturhistoriske bygg og lokalitetar (#44)**

Vi skal saman med kulturformidlarar og historiforteljarar presentere bygningar og lokalitetar si kulturhistorie.

### **Etablering av turveg på Byglandsfjord**

Tilrettelegge heilårs turveg i nærområdet på Byglandsfjord.

### **Utsmykking rundkøring Byglandsfjord og Bygland**

Rundkøringane er viktige stadmarkørar langs rv9. Ein vil søkje om tilskot til utforming av installasjonen.

## **5. Transport, kommunikasjon og samfunnstryggleik**

### **Utbetre infrastrukturen i Bygland sentrum med enkle tiltak for å teste verknad (#50)**

Teste ut korleis enkle tiltak kan trygge skulevegen i Bygland sentrum med eksempelvis merking og trafikkhinder.

### **Arbeide for etablering av g/s-veg langs rv9 (#52)**

I alt planarbeid langs rv9 skal etablering av g/s-veg vere tema.

#### **Driftsbudsjettt**

| Tall i 1000 kroner | Budsjett<br>2023 | Økonomiplan<br>2024 | Økonomiplan<br>2025 | Økonomiplan<br>2026 | Økonomiplan<br>2027 |
|--------------------|------------------|---------------------|---------------------|---------------------|---------------------|
|--------------------|------------------|---------------------|---------------------|---------------------|---------------------|

#### **Driftsutgifter pr. eining**

##### **Politisk styring og kontroll**

|   |              |              |              |              |              |
|---|--------------|--------------|--------------|--------------|--------------|
| Grunnbudsjett                           | 1 922        | 2 622        | 2 622        | 2 622        | 2 622        |
| Konsekvensjustering val                 | 100          |              | 100          |              | 100          |
| Konsekvensjustering: Auke i godtgjersle | 600          |              |              |              |              |
| <b>Sum Politisk styring og kontroll</b> | <b>2 622</b> | <b>2 622</b> | <b>2 722</b> | <b>2 622</b> | <b>2 722</b> |

#### **Stab og samfunnsutvikling**

|  |               |               |               |               |               |
|--|---------------|---------------|---------------|---------------|---------------|
| Grunnbudsjett  | 15 148        | 16 343        | 16 438        | 16 438        | 16 438        |
| Konsekvensjustering: Pedagogisk rådgjevar              |               | -625          |               |               |               |
| Konsekvensjustering: Auke i tilskot til fellesrådet    |               | 178           |               |               |               |
| Konsekvensjustering: Pensjon                           |               | 442           |               |               |               |
| Konsekvensjustering: Auke i stillingsannonsebudsjettet |               | 100           |               |               |               |
| <b>Sum Stab og fellesutgifter</b>                      | <b>15 148</b> | <b>16 438</b> | <b>16 438</b> | <b>16 438</b> | <b>16 438</b> |

#### **Kultur og levekår**

|   |              |              |              |              |              |
|---|--------------|--------------|--------------|--------------|--------------|
| Grunnbudsjett   | 1 722        | 1 741        | 2 191        | 2 191        | 2 191        |
| Konsekvensjustering: Levekårskoordinator/kulturleiar/folkehelse |              | 450          |              |              |              |
| Ekstraordinært tiltak: Prosjektstilling ungdomsklubb B.fjord    | 150          |              |              |              |              |
| Ekstraordinært tiltak: Auke i kulturmidlar og ungdomsråd        | 200          |              |              |              |              |
| Ekstraordinært tiltak: Bygdebokprosjektet                       | 500          | 550          | 550          |              |              |
| <b>Sum Kultur</b>   | <b>2 572</b> | <b>2 741</b> | <b>2 741</b> | <b>2 191</b> | <b>2 191</b> |

Budsjettet godtgjersle til leiarane av hovudutvala, samt ordførar og varaordførar, er justert i samsvar med auka godtgjersle til stortingsrepresentantar, sidan godtgjersla til dei nemnde verva svarar til ein viss prosent av godtgjersla til ein stortingsrepresentant. Dette er årsaka til at budsjettet til politisk styring og kontroll er same nivå i 2024 som i 2023, trass i at det var kostnad til val i 2023.

Under Stab og samfunnsutvikling er pedagogisk rådgjevar-budsjettet redusert, då planen er å kjøpe denne tenesta eksternt. Denne reduksjonen bidreg og til auka kultur- og levekårssatsing, i form av opprettning av ei ny levekårskoordinatorstilling. Denne stillinga bygger på dei allereie eksisterande deltidsstillingane innanfor kultur og folkehelse, men skal også vere den som koordinerer det tverrfaglege levekårsarbeidet i kommunen.

Tilskotet til fellesrådet vert auka grunna at dette tilskotet ikkje har vore auka sidan 2020. Prognosar viser at fellesrådet sitt disposisjonsfond ville vore tomt i 2025 om kommunen hadde heldt fram med å ikkje justere budsjettet i samsvar med løns- og prisvekst. Budsjettet til stillingsannonsar blir auka for at kommunen skal ha handlingsrom til å marknadsføre enkeltstillingar i større grad enn tidlegare. Spesielt innan helse- og omsorgssektoren er det vanskeleg å få rekruttert folk med rett kompetanse.

Det ligg ikkje inne ekstraordinære tiltak i kulturbudsjettet for 2024, men både i investeringsbudsjettet, Drift og forvaltning sitt driftsbudsjett og i budsjettet til Byglandstunet AS ligg det ikke prioriterte satsingar innan kultur og kulturygg, t.d. måling av bygga på stasjonsområdet, rehabilitering av Priveten, ny lokasjon for ungdomsklubben i Sørbygget på Bygland og samstundes ny lokasjon for biblioteket i dei tidlegare banklokala, og oppgradering av kulturscena med omsyn til nytt ventilasjonsanlegg og kjøkken. Kulturbudsjettet er vesentleg større i 2023, 2024 og 2025 enn resten av perioden pga. kostnad til bygdeboka. Når bygdebokfondet er brukta opp er planen at ein ikkje har kostnad til dette lenger. Saldo på fondet er om lag 1,7 mill. i skrivande stund.

I tillegg til budsjettala ovanfor, så er også prioriteringane innanfor eininga Store prosjekt av relevans for Stab, samfunnsutvikling og kultur:

| Tall i 1000 kroner                                | Budsjett<br>2023 | Økonomiplan<br>2024 | Økonomiplan<br>2025 | Økonomiplan<br>2026 | Økonomiplan<br>2027 |
|---|------------------|---------------------|---------------------|---------------------|---------------------|
| <b>Store prosjekt</b>                             |                  |                     |                     |                     |                     |
| Rundkøyring Bygland                               | 6 022            |                     |                     |                     |                     |
| Utstilling i samarbeid med Kulturhistorisk museum | 100              | 200                 | 200                 | 200                 | 200                 |
| Reguleringsplanarbeid og anna planarbeid          | 500              | 500                 | 500                 | 500                 | 500                 |
| Utviklingsprosjekt: vekst rundt Byglandsfjorden   | 600              |                     |                     |                     |                     |
| Tilskotsordning private reguleringsplanar         | 500              |                     |                     |                     |                     |
| Omstilling: Kommunen sin andel                    |                  | 500                 | 500                 | 500                 | 500                 |
| Geovekst/Kartverket                               |                  | 120                 | 120                 | 120                 | 120                 |
| Interkommunal stilling på slam                    |                  | 150                 | 150                 | 150                 | 150                 |
| <b>Sum Store prosjekt</b>                         | <b>7 722</b>     | <b>1 470</b>        | <b>1 470</b>        | <b>1 470</b>        | <b>1 470</b>        |

Utstilling i samarbeid med Kulturhistorisk museum er ei tenkt vidareføring av gullutstillinga i 2022 og arkeologidagen i 2023, men med andre kulturhistoriske tema. Kostnadane knytt til dette vert lågare enn i 2022, grunna ein del av kostnadane i 2022 var eingongskostnad for å legge lokalet til rette for utstilling, men høgare enn i 2023 då ein ser for ei utstilling som varar lengre. Ein vil jobbe for ekstern finansiering i samband med desse utstillingane.

Reguleringsplanarbeid er sett av med kr 500.000 årleg. Det er i første omgang reguleringsplanen på Byglandsfjord som skal ferdigstillast, og etter den står Bygland sentrum for tur. I 2023 og 2024 held arbeidet med Byglandsfjord-planen fram, og mot slutten av året er planen å byrje på planen for Bygland sentrum.

Budsjett knytt til omstillingsprogrammet vil bli nærmare omtalt i eigne saker. Kr 500.000 er kommunen sin eigenandel.

Geovekst-prosjektet gjeld ein samarbeidsavtale alle kommunar har med Statens kartverk om oppgradering og tilrettelegging av kartdata for offentleg og allmenn bruk. Forbruket varierer frå år til år, men dette er uansett eit kontinuerleg arbeid som ligg inne

i heile økonomiplanperioden. Det er og budsjettet med ei interkommunal stilling som inngår i eit kartleggingsprosjekt på slalområdet.

#### **Investeringar innanfor stab, samfunnsutvikling og kultur**

|                    | Tall i 1000 kroner                                  | Økonomiplan<br>2024 | Økonomiplan<br>2025 | Økonomiplan<br>2026 | Økonomiplan<br>2027 |
|--------------------|---|---------------------|---------------------|---------------------|---------------------|
| Prosj.             | Prosjektnamn  |                     |                     |                     |                     |
| 207                | Nytt IKT-system økonomi og personal                 | 850                 | 0                   | 0                   | 0                   |
| 603                | Turveg Byglandsfjord                                | 400                 | 700                 | 1 300               | 0                   |
| 608                | Trimpark ved turvegen på Byglandsfjord              | 0                   | 420                 | 0                   | 0                   |
| 651                | Inventar til biblioteket                            | 125                 | 0                   | 0                   | 0                   |
| 652                | Kulturscenen: Kjøkken                               | 0                   | 375                 | 0                   | 0                   |
| 653                | Inventar til ungdomsklubben                         | 350                 | 0                   | 0                   | 0                   |
| 654                | Kulturscenen: Lys- og tepperigg                     | 150                 | 0                   | 0                   | 0                   |
| 655                | Kulturscenen: Lydanlegg                             | 150                 | 0                   | 0                   | 0                   |
| 656                | Stolar/bord Årdalshallen                            | 250                 | 250                 | 0                   | 0                   |
| 657                | Pakkbua: Bruksendring og opprustning                | 400                 | 900                 | 0                   | 0                   |
| 658                | Årdalshallen: Lydanlegg                             | 150                 | 0                   | 0                   | 0                   |
| 753                | Kommunal veg Presteneset                            | 100                 | 0                   | 0                   | 0                   |
| 754                | Utsmykking i rundkøyringa på Byglandsfjord          | 125                 | 0                   | 0                   | 0                   |
| 758                | Utsmykking i rundkøyringa på Bygland                | 125                 | 0                   | 0                   | 0                   |
| 876                | Inventar kommunehuset                               | 250                 | 0                   | 0                   | 0                   |
| 897                | Områdeløft Byglandsfjord                            | 0                   | 3000                | 0                   | 0                   |
| 898                | Oppgradering av utstyr og låsesystem i Årdalshallen | 250                 | 0                   | 0                   | 0                   |
| 899                | Rehabilitering av Priveten                          | 300                 | 0                   | 0                   | 0                   |
| 951                | Eigenkapitalinnskot KLP                             | 500                 | 500                 | 500                 | 500                 |
| <b>Sum fordelt</b> |   | <b>4 475</b>        | <b>6 145</b>        | <b>1 800</b>        | <b>500</b>          |

(tal inkl. mva.). Sjå protokollen frå kommunestyret 14.12.23 for beskriving av prosjekt 656, 657 og 658.

#### **Nytt IKT-system innan økonomi- og personalområdet**

I samband med at kommunen har blitt med i IKT Agder, må kommunen oppgradere diverse datasystem. ERP-systemet (økonomi og personal) er det desidert største systemet å skifte ut, og kostnaden kan førast i investeringsrekneskapen. Uavhengig av medlemskapet i IKT Agder, måtte setesdalskommunane uansett hatt dette systemet ut på anbod, då ein har hatt dagens system veldig lenge, så kommunen har ikkje anna val enn å ta denne kostnaden. Fordelen er at ein vil få eit nytt system som er meir effektivt og brukarvennleg. Dette er elles ein kostnad som opphavleg blei budsjettet i driftsrekneskapen i 2023, men som no blir fordelt mellom 2023 og 2024 i investering, då rekneskapsreglane tilsa at dette var ein kostnad for investeringsrekneskapen.

#### **Turveg Byglandsfjord (2024-2026)**

Kommunen har fått tilslagn om spelemedilar til prosjektet. Planlagt oppstart i 2024, men det er budsjettet å jobbe med prosjektet i 2025 og 2026 også.

#### **Trimpark ved turvegen på Byglandsfjord**

Lågterskel aktivitetsapparat som er planlagd ved turvegen. Dette er definert som eit eige prosjekt, som får 50 prosent spelemiddelfinansiering.

#### **Inventar til biblioteket**

I samband med at ungdomsklubben vert etablert i Sørbygget, vert biblioteket flytta til der Sparebanken Sør hadde lokale før, og då vil det vere naudsynt å kjøpe noko nytt inventar. Resten av kostnaden med flyttinga vert lagt inn i budsjettet til Byglandstunet AS, då ei slik flytting vil krevje bruksendring i begge lokal.

### **Kulturscena: Kjøkken**

Ventilasjonsaggregatet i kulturscenen blei dyrare enn budsjettet i 2023, slik at det ikkje blei råd til kjøkkenet i budsjettet. Ein vurderer og at andre IFK-prosjekt, t.d. turveg, ungdomsklubb og bibliotek, kjem over kjøkkenet på prioriteringssista, og det blir difor utsett til 2025. Kommunen har allereie fått utbetalt spelemidlar til kjøkkenet i samband med at kulturscena blei bygd.

### **Inventar til ungdomsklubben**

Ein del av inventaret i dagens ungdomsklubb er gammalt og slitt. Det blir difor anbefalt å sette av ein budsjettsum til innkjøp av diverse nytt inventar.

### **Kulturscena: Lys- og tepperigg**

Innspel i samband med høyringsrunde på IFK-planen. Dagens rigg held ikkje ein god nok standard, og dette prosjektet er difor prioritert i 2024.

### **Kulturscena: Lydanlegg**

Innspel i samband med høyringsrunde på IFK-planen. Dagens anlegg held ikkje ein god nok standard, og dette prosjektet er difor prioritert i 2024.

### **Kommunal veg Presteneset**

Rundkøyringa i Bygland sentrum stod ferdig i 2023. Denne gav ein ny vegarm mot Presteneset / småbåthavna. Det står om at lag 100 meter med at som ikkje er asfaltert. Kommunedirektøren føreslår å setje av kr 100 000,- til å få asfaltert denne strekninga.

### **Utsmykking i rundkøyringa på Byglandsfjord**

Rundkøyringa er «inngangsporten» til kommunen. Ein vil søkje om tilskot til utforming av installasjonen.

### **Utsmykking i rundkøyringa på Bygland**

Dette prosjektet blir sett i samanheng med utsmykkinga av rundkøyringa på Byglandsfjord. Sjå eigen sak om dette i saksinnkallinga til formannskapsmøtet 31.10.23.

### **Oppgradering og inventar kommunehuset Bygland**

I samband med omorganisering, samt ønskje om å plassere alle tilsette i administrasjonen i austfløyen av kommunehuset, vert det behov for fornye deler av inventaret på kommunehuset.

### **Områdeløft Byglandsfjord**

Eigedomen knytt til den tidlegare rutebilstasjonen på Byglandsfjord er i svært dårlig forfatning. For å få fart på eit breiare forankra stadutviklingsprosjekt på Byglandsfjord kan det bli aktuelt for kommunen å kjøpe eigedomen, for så å leggje betre til rette for framtidig utvikling av området, slik at også private investorar i større grad vil fatte interesse for å utvikle området vidare.

### **Oppgradering av utstyr og låsesystem i Årdalshallen**

Prosjekt føreslege i ungdomsrådet i samband med handsaminga av budsjettet for 2023. Det må jobbast meir med denne bestillinga, og ein føreslår å overføre tiltaket til 2024.

### **Rehabilitering av Priveten**

Prosjektet er ei vidareføring av prosjekt igangsett i 2023. Total budsjettsum er framleis kr 500.000, kr 200.000 i 2023 og kr 300.000 i 2024. Rehabilitering av Priveten er prioritert prosjekt i investering når det gjeld stasjonsområdet. I tillegg så er det planar om å male dei andre bygga, men det ligg inne i driftsbudsjettet. Moglegheitsstudie for Byglandsfjord stasjonsområde datert 10.20.2021 omtalar Priveten med følgjande:

*Toga som gjekk på Setesdalsbanen hadde kupear med inngang frå togsida, dvs kartevogner utan gjennomgåande korridør som idag. Difor var det ikkje toalett på toga og dei reisande måtte nytte priveten ( utedoen ) på stasjonen til dette. Den gamle priveten i Byglandsfjord er i skrøpeleg forfatning. Her trengst snarleg vedlikehald og restaurering før heile bygningen kollapsar. Priveten bør byggjast opp til eit funksjonelt og «moderne» toalettanlegg, men i gammal stil. Området treng eit godt sanitæranlegg dersom aktivitetene på området tok seg opp. Bygningen er dessutan så flott at den vil kunne verte ein attraksjon i seg sjølv. «Setesdals finaste do», eller kanskje Noregs finaste.*


Tryggleik og fasade må prioriterast i denne omgang. Bygget er freda, og restaureringsarbeidet skjer i nært samarbeid med kulturminneavdelinga hjå Agder fylkeskommune.

### **Eigenkapitalinnskot KLP**

Pensjonsfonda i KLP aukar kvart år og fører med seg eit behov for auka eigenkapital. Som eigar i KLP må kommunen betale tilskot til nødvendig oppbygging av eigenkapital slik at KLP kan oppretthalde tilfredsstillande soliditet. Dette er nødvendig for at KLP også framover skal ha moglegheit til å oppnå gode resultat i finansmarknadene som svingar. Budsjettet utgift til dette er på om lag same nivå som faktisk rekneskapstal i 2023.

## **5.5 Oppvekstsektoren**

### **Organisering**



Oppvekstsektoren er organisert i to oppvekstsenter med skule, SFO og barnehage. Bygland oppvekstsenter har 1-10-skule, medan Byglandsfjord oppvekstsenter har 1-7-skule. Begge oppvekstsentera har barnehage med to avdelingar. Sektoren har om lag 40 årsverk.

### **Status og utfordringsbilete**

Oppvekstsentrata er prega av velkvalifisert personell i alle faggrupper. Barnehagane har særskilt gode resultat på den årlege brukarundersøkinga. Skulane kan vise til resultat godt over landssnittet når det gjeld grunnskulepoeng, og har også gode resultat på elevundersøkinga, som viser elevane sin trivsel på skulen.

Hovudutfordringa i sektoren, er knytt til den negative folketalsutviklinga i kommunen, som gir seg utslag i minkande barne- og elevtal i barnehage og skule. Fordelt på dei to oppvekstsentera, ser barne- og elevtalet for 2023-2024 slik ut:

| 2023-2024                       | Barnehage | SFO       | Barneskule | Ungdomsskule | Samla elevtal |
|---------------------------------|-----------|-----------|------------|--------------|---------------|
| Byglandsfjord                   | 13        | 24        | 59         |              | 59            |
| Bygland                         | 23        | 16        | 42         | 36           | 78            |
| <b>Totalt i Bygland kommune</b> | <b>36</b> | <b>40</b> | <b>101</b> | <b>36</b>    | <b>137</b>    |

Tal på barn/elever i barnehage, SFO og skule på Bygland og Byglandsfjord oppvekstsenter, og samla for kommunen, for skule- og barnehageåret 2023-2024

Årskulla er små, og i barneskulen kan årstrinna variere frå to til ti elevar. Det fordrar det at ein organiserer aldersblanda undervisning. Sjølv om ein organiserer seg på tvers av årstrinn, er gruppene små. Dette kan gi store utfordringar for det psykososiale og faglege læringsmiljøet, der den einskilde kan streve med å finne sin plass i fellesskapet. Barnetalet i aldersgruppa 0-5 år, peikar mot eit stadig minkande elevtal. Dette er ein vesentleg utfordring for sektoren no og framover. Med utgangspunkt

i dagens tal på barn i aldersgruppa 0-5 år som bur i kommunen, kan ein sjå føre seg følgande elevtalsprognose for dei komande fem åra:

| Årsta | Byglandsfjord 1.-7. | Bygland 1.-7. | Bygland 8.-10. | Elevar i kommunen |
|-------|---------------------|---------------|----------------|-------------------|
| 2023  | 59                  | 42            | 36             | 137               |
| 2024  | 53                  | 40            | 38             | 131               |
| 2025  | 48                  | 39            | 40             | 127               |
| 2026  | 41                  | 34            | 49             | 124               |
| 2027  | 39                  | 34            | 43             | 116               |

Flyktningsituasjonen kan føre med seg fleire elevar og barn. Om skulen skulle få fleire elevar med flyktningbakgrunn, kan det føre med seg rettar til undervisning i grunnleggande norsk for språklege minoritetar. Om det skulle kome barn i barnehagen, vil det kunne føre til auka behov for personell. Ein legg til grunn at integreringstilskota vil finansiere eventuelt behov for meir personell.

## Prioriteringar per satsingsområde i kommuneplanen

### 2. Verdiskaping og berekraft

#### **Oppretthalde samarbeid mellom "Ungt entreprenørskap" og skule (#18)**

Gjennom elevbedrifa Ting og Tang til hage er skulen involvert i «Ungt entreprenørskap». Det er 9. og 10. trinn på Bygland skule som har denne verksemda i valfaget Arbeidslivsfag. I Arbeidslivsfag samarbeider også skulen med lokalt næringsliv, der elevane er utplasserte i ulike lokale bedrifter.

#### **Miljøfyrtårnsertifisering (#22)**

Oppvekstsektoren er i gang med å miljøsertifisere seg, og siktat mot å bli miljøfyrtårn innan 2024. Dette er eit fellesprosjekt for begge skulane, SFOane og barnehagane. Miljøsertifiseringa fører med seg systematisering av HMS-arbeidet, krev ei rekke ENØK-tiltak, men har også ein pedagogisk dimensjon, der ein skal undervise i og for miljømedvit og berekraft. Dette er i samsvar med læreplanen.

### 3. Utdanning og kompetanse

#### **Samarbeid med lokalt næringsliv gjennom bedriftsbesøk og å invitere næringslivet inn i skulen (#24)**

Ungdomsskulen samarbeider med lokalt næringsliv i faget Arbeidslivsfag. Sjå også tiltak #24 ovanfor.

#### **Opne opp for fleire yrkesgrupper inn i oppvekstsektoren (#27)**

I samsvar med mål om å opne opp for fleire yrkesgrupper i sektoren, er det tilsett sjukepleiar i miljøterapeutstilling i skule og SFO, knytt til elevar med særskilte behov. Barnehage og skule held fram arbeidet med å sikre overgang mellom barnehage og skule, overgang til mellomtrinn, og til ungdomsskulen. I tillegg til rutinefesta overgangsmøte, kan det vere nødvendig med hospitering og spesifikke bli-kjent-aktivitetar for barn som er sårbare eller treng det av ulike grunnar.

#### **Halde fram med overgangsmøter mellom nivåa i grunnskulen (#31)**

Sektoren legg vekt på å lage gode overgangar mellom dei ulike fasane i oppveksten. Det er rutine for å gjere overgangen mellom barnehage og skule trygg og god, med jamleg samarbeid og samvær. I tillegg fokuserer ein på både faglege og sosiale overgangar mellom småskule og mellomtrinn, og mellom mellomtrinn og ungdomsskule. Elevane på mellomtrinnet har månadsvise utvekslingar mellom skulane for å bygge tryggleik og vennskap på tvers av oppvekstsentrata, og å leie fram til eit godt klassemiljø når alle elevane går saman på ungdomsskulen.

#### **Framleis ha eit godt samarbeid med KVS mellom anna i tverretatleg team (#33)**

Skulen samarbeider med KVS gjennom mellom anna tverretatleg team og andre tverrfaglege grupper.

### 4. Kultur, idrett og friluftsliv

### **Lokal kulturarv skal i større grad inn i planarbeidet for oppvekst (#40)**

Lokal kulturarv har fått ein større plass i skule- og barnehage gjennom prosjektet Gorlaus, der barn, elevar og tilsette får opplæring i folkemusikk og -dans frå Setesdal. På det viset blir både tilsette og barn betre rusta til å forvalte og vidareformidle den immatrielle kulturarven i Setesdal, i tillegg til å styrke lokal identitet og tilhørsle.

### **Andre prioriterte satsinger**

#### **Prosjekt oppvekst**

Oppvekstsektoren held fram med å omorganisere seg for å vere sosialt, fagleg og økonomisk berekraftig. Det er sett ned ei arbeidsgruppe der begge skulane og barnehagane samt fagforeininga er representerte, slik at ein kan evaluere dei organisatoriske løysingane ein har prøvd ut til no. For skule- og barnehageåret 2023-2024 har oppvekstsentera framleis felles leiar og felles merkantilressurs, og assisterande tenesteleiar på kvar eining. Omorganisering er ressurskrevjande medan det pågår, men ein har von om å rasjonalisere noko når ny organisasjon er sett. Ein held fram med å samkøyre sektoren mot felles retning, med felles rutinar og praksis, å dra nytte av kompetanse og ressursar på tvers, og med å fordele merkantile og pedagogiske arbeidsoppgåver på ein føremålsteneleg måte. I arbeidet med å bygge ein einskapleg sektor og styrke samarbeidskulturen, samlar oppvekstsentrea seg om felles prosjekt, koordinerer møteverksem og har felles kompetanseheving. Ein nyttar ressursar på å møtast for å utvikle sektoren saman. I tillegg til digitale samarbeid, har skulane samarbeid med månadlege fagdagar der dei besøker kvarandre eller reiser på felles ekskursjonar. Dette er ein del av det førebyggande psykososiale arbeidet, og eit tiltak å bygge fellesskap blant barna i kommunen, i tillegg til at ein søker å utvide fagmiljøet til elevar og tilsette. Dette fører med seg kostnader.

#### **Implementering av nye læreplanar**

Skulane held framleis på å implementere læreplanane frå 2020 (LK2020). Den siste fagplanen blei innført i 2022-2023. Å legge om praksisen etter nye læreplanar krev at ein investerer i kompetanseheving og nye lærermiddel. For å møte læreplanane sine tilnærmingar til tverrfagleg undervisning, og forventningane til skulane som lærande fellesskap, har ein i tillegg omorganisert arbeidsgruppene og arbeidsfasilitetane til personalet.

#### **Digital infrastruktur**

Oppvekstsektoren har gjort store framsteg når det gjeld digitale ferdigheter, og har fått god røynsle med ulike digitale pedagogiske verktøy og plattformer for samhandling og læring. Samstundes har det ikkje vore nokon overordna strategi for den digitale satsinga. Det er store etterslep når det gjeld infrastruktur og utstyr. Samarbeidet med IKT Agder set også krav til kva for standard den digitale infrastrukturen og utstyret skal halde. Føringer i læreplan og gjeldande pedagogisk tenking føreset utstrekkt bruk av digitale verktøy med tilhøyrande stabil tilkopling til nett i alle rom. Velfungerande digital infrastruktur er også sentralt for legge til rette for digitale samarbeid på tvers av oppvekstsentera og utover kommunegrensene, for både tilsette og elevar.

#### **Kompetanseheving i skule og barnehage**

Både skule og barnehage er involvert i kompetansehevande samarbeid. Desentralisert kompetanseheving (DEKOM) i skulen blir gjennomført i samarbeid med Evje og Hornnes, Åseral og Universitetet i Agder. Tema er dysleksivennleg undervisning, og involverer både lærarar og fagarbeidrarar. Kompetansehevinga kan munne ut i sertifisering som Dysleksivennleg skule. Barnehagane har også felles regional kompetanseheving i lag med Evje- og Hornnes, Åseral og Universitetet i Agder, med temaet *Tidlig innsats – forebygging av omsorgssvikt og atferdsvansker*. Arbeidet omfattar pedagogiske leiarar og fagarbeidrarar/assistentar. Kompetansehevinga er i samsvar med barnehagen sin kompetansehevingsplan, og svarer til utfordringsbiletet i kommunen.

#### **Laget kring barnet**

Barnehage og skule samarbeider om å styrke det systematiske psykososiale arbeidet i samsvar med kapittel 9A i opplæringslova og kapittel 8 i barnehagelova, som skal sikre elevar og barn eit godt og trygt skule- og barnehagemiljø. Pandemien, med nedstenging av skule og barnehage samt restriksjonar for samvær og fellesskap, har gitt etterverknader for barn og unge, ikkje minst for dei som var sårbar frå før. Ein stor del av dei unge har hatt avgrensa med sosiale arenaar i viktige barne- og ungdomsår. I tillegg gir det låge elevtalet eit avgrensa sosialt miljø. Sektoren må vere budd på større og samansette utfordringar innan psykiske helse, utanforsk og ufrivillig fråvær i åra som kjem. Oppvekstsentera samarbeider på tvers av faggrupper for å møte dei samansette utfordringane med ei heilskapleg og systematisk tilnærming. Pedagogisk-Psykologisk teneste for Setesdal og skulehelsetenesta er til stade på begge oppvekstsentera på faste dagar. Velutvikla samarbeid på tvers blir vesentleg for å kunne møte forventningane og oppgåvane som kjem med oppvekstreforma.

## **Skulefrukt**

Skulane tilbyr skulefrukt, og har funne ei form på dette som passer inn i skulekvardagen, og som ikkje fører med seg for mykje matsvinn.

## **Driftsbudsjet**

| Tall i 1000 kroner   | Budsjett 2023 | Økonomiplan 2024 | Økonomiplan 2025 | Økonomiplan 2026 | Økonomiplan 2027 |
|--|---------------|------------------|------------------|------------------|------------------|
| <b>Driftsutgifter pr. eining</b>                           |               |                  |                  |                  |                  |
| <b>Bygland Oppvekstsenter</b>                              |               |                  |                  |                  |                  |
| Grunnbudsjett  | 19 317        | 20 760           | 21 102           | 21 102           | 21 102           |
| Konsekvensjustering: Endring energiutgifter                |               | -212             |                  |                  |                  |
| Konsekvensjustering: Pensjon                               |               | 283              |                  |                  |                  |
| Konsekvensjustering: Diverse tiltak i statsbudsjettet 2024 |               | 271              |                  |                  |                  |
| Ekstraordinære tiltak                                      | 200           |                  |                  |                  |                  |
| <b>Sum Bygland Oppvekstsenter</b>                          | <b>19 517</b> | <b>21 102</b>    | <b>21 102</b>    | <b>21 102</b>    | <b>21 102</b>    |
| <b>Byglandsfjord Oppvekstsenter</b>                        |               |                  |                  |                  |                  |
| Grunnbudsjett  | 12 046        | 12 892           | 13 462           | 13 462           | 13 462           |
| Konsekvensjustering: Endring energiutgifter                |               | 31               |                  |                  |                  |
| Konsekvensjustering: Pensjon                               |               | 268              |                  |                  |                  |
| Konsekvensjustering: Diverse tiltak i statsbudsjettet 2024 |               | 271              |                  |                  |                  |
| Ekstraordinære tiltak                                      | 50            |                  |                  |                  |                  |
| <b>Sum Byglandsfjord Oppvekstsenter</b>                    | <b>12 096</b> | <b>13 462</b>    | <b>13 462</b>    | <b>13 462</b>    | <b>13 462</b>    |

Diverse tiltak i statsbudsjettet gjeld budsjettpostar i rammetilskotet innanfor oppvekstsektoren kor kommunen har fått statleg kompensasjon grunna inntektsbortfall som skjer som en konsekvens av vedtak gjort av regjeringa. For 2024 gjeld dette tiltaka gratis deltidsplass SFO 2. trinn, gratis barnehage 3. barn i barnehagen og reduksjon foreldrebetalning i barnehage.

Ein ser av tabellen over at grunnbudsjetta for begge oppvekstsentra er auka med om lag 7 % samanlikna med 2023. Årsaka til det er primært auke i årsverk. I skulen er bemanningsressursen auka både på pedagog- og fagarbeidarsida. Ein vesentleg del av auka er for å følge opp elevar med særskilte behov, etter sakkunnig tilråding frå PPT. Auka er i nokre høve gjort i samråd med Setesdal barnevern for å gi tverrfagleg og tidleg innsats. Dei siste åra har ein også erfart at det å ha 5.-7. trinn i lag kan føre med seg større utfordringar for læringsmiljøet, fagleg og sosialt, og ein ønsker å ha 7. trinna så mykje som mogleg for seg sjølv. Busetting av flyktningar fører også med seg behov for å gi elevar opplæring i grunnleggande norsk for språklege minoritetar. I barnehagen er bemanninga auka for å møte pedagog- og bemanningsnorm ved busetting av flyktningefamiliar med barn i barnehagealder. Kostnadene til dette blir dekt av flyktningfondet.

Ein vil elles påpeike at fleire innspel frå vernerundane i oppvekst er teke omsyn til i driftsbudsjettet til Drift og forvaltning, og er difor ikkje inkludert i budsjettsummane i tabellane ovanfor.

## **Investeringar innanfor oppvekstsektoren**


Etter fleire større investeringsprosjekt på oppgradering av uteområda ved begge oppvekstsentra dei siste åra, er det ikkje lagt opp til investeringar innan denne sektoren for 2023 til 2027. Ein må likevel presisere at oppvekst blir prioritert på andre måtar, gjennom auka levekårssatsing (ny stilling som levekårskoordinator blir oppretta), ungdomsklubb på Bygland (som ligg i budsjettet til det kommunale aksjeselskapet Byglandstunet AS) og oppgradering av treningsutstyr i Årdalshallen, for å nemne noko.

## **5.6 Helse og omsorg**


### **Organisering**

#### **Pleie og omsorg**

Bygland kommune har fokus på å ha eit godt kvalitetsnivå på pleie- og omsorgstenestene. Hovudoppgåva til eininga er å yte gode tenester til pasientar og brukarar som har behov for kommunale tenester. Eininga er organisering med tre avdelingar, Byglandsheimen, open omsorg og habilitering, og eininga har for tida om lag 41 årsverk.



### Helse



Helse har ansvar for ulike fagområde med få tilsette i ulike stillingsstørleikar. Det er sårbart ved vakansar, feriar og sjukdom å drifte fagleg forsvarleg med ein person med spesialkompetanse på fagfeltet i kvar stilling. Det er utfordrande å ha eit godt familiø med få tilsette. Alle i tenestene er avhengig av godt samarbeid med andre einingar i kommunen for å levere gode tenester til innbyggjarane. Tenesteleiar helse er og med inn i drift av enkelte oppgåver.

Det er venta at ein i 2024 må justere på organisasjonskartet for desse einingane då det er planlagt ei samanslåing.

### Status og utfordringsbilete

#### Pleie og omsorg

Dei demografiske endringane i befolkninga er kjende for dei fleste. Dei vil medføre at ein vil få stadig fleire eldre. I perioden 2023 til 2030 vil antal innbyggjarar i Bygland over 67 år, auke frå 294 til 330. Dette vil naturleg føre med seg ei auke i dei skrøpelegaste eldrene, som vil ha behov for tenester frå kommunen. I fylge [www.demenskartet.no](http://www.demenskartet.no) vil ein i åra 2020-2030 oppleve ei auke frå 26 til 40 personar som har demenssjukdom i Bygland. Den prosentvise auken er frå 2,24% til 3,41%. Tala for Noreg som heilheit er frå 1,88% til 2,48% av befolkninga. I tillegg kjem dei som har andre typar sjukdomar og hjelpebehov.

Figurane under syner forventa utviklinga i antal personar med demens i tidsrommet 2020-2030 (kjelde: demenskartet.no)

**Bygland 2020**

**Bygland 2030**

| Personer med demens |        |   |   | Personer med demens |        |   |   |
|---------------------|--------|---|---|---------------------|--------|---|---|
| Alder               | Antall | ♂ | ♀ | Alder               | Antall | ♂ | ♀ |
| 30-64               | 0      | 0 | 0 | 30-64               | 0      | 0 | 0 |
| 65-69               | 0      | 0 | 0 | 65-69               | 0      | 0 | 0 |
| 70-74               | 5      | 3 | 2 | 70-74               | 5      | 3 | 2 |
| 75-79               | 3      | 2 | 1 | 75-79               | 9      | 5 | 4 |
| 80-84               | 6      | 2 | 4 | 80-84               | 12     | 6 | 6 |
| 85-89               | 6      | 3 | 3 | 85-89               | 7      | 4 | 3 |
| 90+                 | 6      | 2 | 4 | 90+                 | 7      | 2 | 5 |

Ei av dei andre store utfordringane i helse- og omsorgssektoren er korleis ein får tak i tilstrekkeleg bemanning, med relevant fagkompetanse, til å oppretthalde nivået og kvaliteten på tenestene. Dette er ei nasjonal utfordring som, i følgje prognosar, berre vil auke på i åra frametter. Satsing på regionale samarbeidsformer, samt velferdsteknologi, vil kunne demme opp for nokre av utfordringane.

#### Helsestasjon

Ressursar svarar til 160 % fast stilling helsesjukepleiar – helsestasjon og skulehelseteneste. Denne er auka frå 120 % grunna flyktningar og fleire elever på KVS.

Bygland kommune har 167 born frå 0-15 år og om lag 85 elevar på KVS som får tenester frå helsestasjonen og skulehelsetenesta. Det er 20 % jordmor og 40% vaktberedskap stilling for dei som har meir enn 1,5 time køyreveg til fødestaden. Vaktberedskapen er delvis finansiert av SSHF og jordmødrene hospiterer jamleg i SSHF for å oppretthalde sin kompetanse. Det er eit samarbeid med jordmor i Evje og Hornnes kommune om vaktberedskap og fødselsforberedande kurs.

#### Psykisk helse og rus

80 % stilling som spesialhjelpepleiar med pasientoppfølging av vaksne og ungdomar. Alle får enkeltvedtak på tenester. 20% stilling på dagtilbod, personell i bustaden følgjer med dei som bur der. Tilboden består av sosialt samvær, eit enkel måltid, turar og enkle hobby aktivitetar.

Samarbeid mellom SSHF og kommunane om FACT team. FACT skal gi behandlings- og oppfylgingstilbod til personar med omfattande og samansatte lidinger, og som er i behov av heilsakplege og samanhengande tenester.

Teamet skal tilby pasientane den behandlinga som er nødvendig til kvar tid, i tråd med faglege retningslinjer.

Teamet skal bidra til å styrkja evna pasientane har til å meistra livet så godt som mogleg- under dette å meistre å bu, betringsprosessar, sjølvhjelp, rehabilitering og arbeid.

Bygland kommune går inn i arbeidet med 25% stilling.

20% psykologstilling: Stillinga er vakant då ein ikkje har lykkast med å tilsette psykolog. Kommunen leiger inn psykolog i enkelte sakar dersom det er ledig kapasitet hos psykologar ein har lukkast å ha avtale med.

#### Psykiatribustadane

2,2 stillingar på dag og kveld. Bebuarane får individuell oppfølging og har og tilbod i fellesskap. Andre som har tenester i psykisk helse nyttar seg og av fellesskapet i bustaden. Heimesjukepleien gir tenester når det ikkje er fast personell på jobb.

## **Flyktningtenesta**

1,9 årsverk flyktningkonsulentar til flyktningar frå Ukraina. Kommunen vil sannsynlegvis bli oppmoda om å take imot fleire flyktningar i 2024 enn dei 44 som er busett nå, budsjettet må justerast når dette er klarlagt. Søknad om stønader til livsopphald og andre utgifter er det vanskeleg å budsjettere med, men blir handsama ut i frå lovverk og retningslinjer.

Lærlingar lønna av flyktningbudsjettet, fire lærlingar er på god veg til å fullføre eit lærlingløp innan PLO, Helse og Drift og Forvaltning. Løn og kjøp av ekstern rettleiar blir lønna av flyktningefondet.

## **Støttekontakt – avlastning**

Det er ei stor utfordring å rekruttere avlastning og støttekontaktar. Budsjettposten inneholder avlastning og støttekontaktar for born og vaksne og omsorgsløn. Behovet endrar seg i løpet av budsjettåret, blir handsama ut i frå lovverk.

## **Fysioterapeut**

Får driftstilskot på 75% og dekka køyring og eigen sats når ho har oppdrag i kommunal regi. Samarbeidsfora er Inntaksnemnda i PLO.

## **Prioriteringar per satsingsområde i kommuneplanen**

### **1. Attraktive og livskraftige sentra og bygdelag**

#### **Gjennomføre reforma «Leve heile livet»**

Kvalitetsreforma «Leve heile livet» er forlenga med 1 år t.o.m. 2024. I Bygland har vi mange gode tiltak som har kome som ein konsekvens av reforma. Tiltaka er summert opp i prosessnotatet knytt til PS 98/21. Ein vil fortsetje med å finne gode løysingar saman med brukarane heile reformperioden.

Regjeringa presenterte ei ny reform i 2023. Tittelen på den er «Bo trygt hjemme».

Reforma har 4 satsingsområde:

- Levande lokalsamfunn som ivaretok aktivitet og fellesskap
- Tilpassa bustadtihøve og moglighet for å bu trygt i eigen heim lengre
- Kompetente tilsette
- Tryggleik for brukarar og støtte til pårørande

#### **Strukturert samarbeid mellom skulehelsetenesta og oppvekst med fokus på førebygging (#25)**

Det er prioritert auka 10 % fast stilling frå (90 til 100%) til leiande helsesjukepleiar i 2023.

## **Andre prioriterte satsingar**

Vi er med i innovasjonspartnerskapet for velferdsteknologi i Agder. Målet for dette prosjektet er at brukarane skal oppleve tryggleik og saumlause tenester ved å nytte teknologi i eigen heim og på institusjon. I tillegg at tilsette er utrusta med verktøy som set dei i stand til å levere saumlause tenester og som bidreg til ein meir effektiv arbeidskvardag.

Byglandsheimen har eit forbetingsteam. Dette er ei tverrfagleg gruppe på som arbeider med å sjå på andre måtar å organisere oss på. Fokuset er å ha rett kompetanse, på rett stad, til rett tid. Dette er eit kontinuerleg arbeid.

Eininga har over fleire år hatt eit sjukefråver som har vore høgt. Ein har inngått eit samarbeid med NAV sitt arbeidslivssenter der ein vil utforske ulike metodar for å få bukt med det høge fråveret. Samarbeidsutvalet i eininga vil vere sentrale i dette arbeidet. Dette arbeidet har vi eit konstant fokus på.

Eininga har fokus på å tilretteleggje for å ta imot lærlingar. Ein ser at dette er eit viktig ledd i å rekruttere framtidig personell. Eininga er representert i ulike fagnettverk. Her kan nemnast regionalt helsenettverk der ein samarbeider om ulike utfordringar knytt til regionen vår. Nettverk i forhold til digital utvikling og velferdsteknologi samt regionalt og nasjonalt nettverk for aldersvennlege lokalsamfunn.

Vi har eit tverrfagleg inntaksteam som arbeider etter BEON (Beste Effektive Omsorgsnivå) prinsippet som skal gjenspeile «omsorgstrappa» i Bygland. Vi har eit ynskje om å styrke samarbeidet med friviljuge og pårørande frametter. Dette er i tråd med sentrale anbefalingar.

#### Driftsbudsjet

| Tall i 1000 kroner                                     | Budsjett<br>2023 | Økonomiplan<br>2024 | Økonomiplan<br>2025 | Økonomiplan<br>2026 | Økonomiplan<br>2027 |
|--|------------------|---------------------|---------------------|---------------------|---------------------|
| <b>Driftsutgifter pr. eining</b>                       |                  |                     |                     |                     |                     |
| <b>Helse</b>   |                  |                     |                     |                     |                     |
| Grunnbudsjett  | 6 187            | 6 172               | 6 187               | 6 187               | 6 187               |
| Ekstraordinært tiltak: Lærlingeprogram for flyktningar | 1 186            |                     |                     |                     |                     |
| Konsekvensjustering: Pensjon                           |                  | 15                  |                     |                     |                     |
| <b>Sum Helse</b>                                       | <b>7 373</b>     | <b>6 187</b>        | <b>6 187</b>        | <b>6 187</b>        | <b>6 187</b>        |
| <b>Pleie og omsorg</b>                                 |                  |                     |                     |                     |                     |
| Grunnbudsjett  | 36 671           | 39 291              | 40 240              | 40 240              | 40 240              |
| Ekstraordinært tiltak: Ekstern gjennomgang av eininga  |                  | 250                 |                     |                     |                     |
| Konsekvensjustering: Pensjon                           |                  | 949                 |                     |                     |                     |
| <b>Sum Pleie og omsorg</b>                             | <b>36 671</b>    | <b>40 490</b>       | <b>40 240</b>       | <b>40 240</b>       | <b>40 240</b>       |

Redusjonen frå 2023 til 2024 i Helse-budsjettet gjeld flyktningtenesta, kor flyktningane frå førre flyktningperiode, som er lærlingar finansiert av tidlegare avsette integreringstilskot, er i ferd med å fullføre lærlingløpet, som igjen inneber at det vert lågare kostnader knytt til dette frå og med 2024.

Grunnbudsjettet for Pleie og omsorg er auka med om lag 9 %, då ein ser at budsjettet for 2023 er for lågt, og ein har også hatt fokus på å simulere så reelt som mogleg kor mange årsverk tenesta treng gitt noverande organisering. Som ein signaliserte allereie i budsjett for 2022 så er det planlagd ei ekstern gjennomgang av eininga med tanke på å gjere ho best mogleg rusta for framtida. Denne blir i staden gjennomført i 2024.

Generelt så vil ein også påpeike usikkerheita knytte til følgjande kostnadsdrivande moment: Helg/natt-utfordringa, sjukefråvær og anna fråvær, overtid, forskyve arbeidstid, permisjonar, for å nemne noko.

Innspel frå vernerunda er ikkje like sterkt prioritert i driftsbudsjettet for 2024, som i 2023, men ein vil heller prioritere å prosjektere ei større oppgradering av Byglandsheimen i investeringsbudsjettet, som ein ser av tabellen under.

#### Investeringar innanfor helse og omsorg

| Tall i 1000 kroner | Økonomiplan<br>2024                            | Økonomiplan<br>2025 | Økonomiplan<br>2026 | Økonomiplan<br>2027 |
|--------------------|--|---------------------|---------------------|---------------------|
| <b>Prosj.</b>      |  | <b>Prosjektnamn</b> |                     |                     |
| 400                | Velferdsteknologi: Senger mv.                  | 500                 |                     |                     |
| 404                | Straumberedskap Sagmoen                        |                     | 400                 |                     |
| 887                | Nytt system for pasientvarsling Byglandsheimen | 500                 |                     |                     |
| 900                | Oppgradering av Byglandsheimen                 | 300                 |                     |                     |
|                    | <b>Sum fordelt</b>                             | <b>1 300</b>        | <b>400</b>          |                     |

Prosjekta Naudstraumagggregat med autostart Byglandsheimen og nøkkelsystem Byglandsheimen frå økonomiplanen for 2023-2026 er teke ut, då ein heller vil sjå heile Byglandsheimen under eitt i prosjekt 900 ovanfor.

#### Velferdsteknologi

Ein ser at dei som bur på sjukeheim er meir pleietrengande no en for nokre få år sidan. For å begrense bruk av auka personalressursar, og for å førebygge sjukdom/slitasje ser ein gevinsten av å investere i ulike teknologiske løysingar. Dette kan vere ulike formar hjelpe midlar, og høgteknologiske senger med ulike vendesystem.

### **Straumberedskap Sagmoen**

Bufellesskapet på Sagmoen har bare elektrisk oppvarming. Hausten 2023 var det eit straumbrot på Byglandsfjord som varde ca 16 timer. I ein kaldare værsituasjon og lengre straumutfall, så vil det kunne oppstå kritiske situasjoner. Eit prosjekt for å etablere strømagggregat er estimert til kr 400 000,-.

Alternativet ved lange straumutfall vil kunne vere å flytte bebuarane til t d Byglandsheimen, setje inn mobile propanovnar (som er ei veldig mellombels løysing). Dei aggregata som me allereie har disponibele er planlagde til bruk andre stadar ved eventuelle straumbrot, og det kan vere utfordrande å flytte rundt på desse i ein eventuell situasjon. Å flytte bebuarar kan også vere utforande ved ei eventuell langvarig straumstans og evt ekstremvær.

### **Nytt system for pasientvarsling Byglandsheimen**


For å slutføre påbegynt arbeid i 2023 med nytt pasientvarslingssystem, så blir det budsjettet med kr 500 000,- i 2024. Prosjektet var i utgangspunktet budsjettet til kr 1 000 000,- i 2023. Husbanken bidreg med tilskott til prosjektet med inntil kr 680 000,-. Eit større elektrikararbeid må gjennomførast først.

### **Oppgradering av Byglandsheimen**

Byglandsheimen er bygd i fleire etappar og ber preg av løysingar som nødvendigvis ikkje høver dagens krav til optimal drift og som búplass og for arbeidsmiljø. Det vurderast som fornuftig å få ein fullstendig gjennomgang av bygget med fokus på bu – og arbeidsmiljø og optimal berekraftig drift, og gi forslag til ein fleirårig handlingsplan for kva tiltak som er aktuelle å prioritere dei komande åra. Det trengst ekstern kompetanse til å gjennomføre denne gjennomgangen som eit partssamarbeid med tilsette, driftspersonell og brukarrepresentantar. Budsjettsum kr 300 000,-. Budsjettsummane for 2025 til 2027 er veldig usikre, men ein ser det som viktig å synleggjere at dette blir et prioritert prosjekt framover.

## **5.7 Drift og forvaltning inkl. VARF**

### **Organisering**



Ved eininga er det tilsett 23 personar fordelt på 19 årsverk. Fagadministrasjonen som arbeider bare med saker for Bygland kommune, utgjer 2,40 årsverk. Interkommunal vassområdekoordinatorstilling og fisk – og vassdragsforvaltarstillinga har ekstern

finansiering. Uteseksjonen har 8,15 årsverk inkl. badevaktstilling. Reinhaldsavdelinga har 6,8 årsverk. Eininga forvaltar ca. 25 lovverk og har ansvaret for ulike prosjektgjennomførinar innan teknisk investering og klima og naturforvaltningsprosjekt.

### **Status og utfordringsbilete**

1. Uforholdsmessig stor bygg- og eigedomsmasse er utfordrande m.o.p. økonomi.
2. Vatn og avlaup: Relativt få abonnentar utfordrar nødvendige investeringar som kan dekkjast etter sjølvkostprinsippet.
3. Sårbare grunna mange «åleinespesialistar». Fagkompetanse på alle felt kan vere utfordrande.
4. Eldre arealplanverk er utfordrande i mange saker som vedkjem arealbruk, men også i høve andre fagfelt. T.d. innan veg, vatn og avløp. VA-plan er under utarbeiding, og vil kunne gi gode prioritieringsrekkefølgjer.
5. Prioritere kapasitet til å implementere digitale verktøy for rasjonell forvaltning og god internkontroll.
6. Bidrage aktivt i arbeidet med det grøne skifte og ulike berekraftsmål.

### **Prioriteringar per satsingsområde i kommuneplanen**

Ein viser til tabellen for handlingsdelen for når dei ulike tiltaka er tenkt gjennomført. Det vil ikkje vere kapasitet og økonomi til å gjennomføre alle tiltaka nemnt i det kommande avsnittet, men det ligg som ei retning som må forankrast på mange nivå.

#### **1. Attraktive og livskraftige sentra og bygdelag**

*Kartlegge kommunale bygg med omsyn til universell utforming (#9)*

*Oppretthalde tilbodet om familiebadning (#12)*

#### **2. Verdiskaping og berekraft**

*Miljøfyrtårnsertifisering av alle kommunale bygg (#22)*

*Revidering av klima- og miljøplan (#23)*

*Sal av diverse kommunale bustadbygg*

#### **4. Kultur, idrett og friluftsliv**

*Sette i stand brygger til Bjoren, Neset camping, Grendi, Lauvdal og Åraksbø (#45)*

*Tilby rimeleg leige av lokalar til lag og foreiningar (#48)*

#### **5. Transport, kommunikasjon og samfunnstryggleik**

*Utbygging av gateljos med fokus på behov avdekt i Barnetråkk-undersøkinga (#51)*

*Kommunale køyretøy og maskinar skal nytte fornybar energi når det er eit alternativ (#55)*

*Kartlegge kost/nytte av ladepunkt ved større offentlege arbeidsplassar (#56)*

*Revidere Trafikksikringsplan (#60)*

*Utarbeide plan for kommunale vegar og infrastruktur (#61)*

### **Driftsbudsjet Drift og forvaltning**

| Tall i 1000 kroner                                      | Budsjett<br>2023 | Økonomiplan<br>2024 | Økonomiplan<br>2025 | Økonomiplan<br>2026 | Økonomiplan<br>2027 |
|---|------------------|---------------------|---------------------|---------------------|---------------------|
| <b>Driftsutgifter pr. eining</b>                        |                  |                     |                     |                     |                     |
| <b>Drift og forvaltning ekskl. VARF</b>                 |                  |                     |                     |                     |                     |
| Grunnbudsjett   | 15 360           | 16 276              | 16 696              | 16 696              | 16 696              |
| Konsekvensjustering: Auka budsjett brøyting og vegvedl. |                  | 440                 |                     |                     |                     |
| Konsekvensjustering: El-sykkelprosjektet                |                  | -70                 |                     |                     |                     |
| Konsekvensjustering: Pensjon                            |                  | 529                 |                     |                     |                     |
| Konsekvensjustering: Endring energiutgifter             |                  | -479                |                     |                     |                     |
| Ekstraordinære tiltak                                   | 1 895            | 805                 | 440                 | 100                 |                     |
| <b>Sum Drift og forvaltning ekskl. VARF</b>             | <b>17 255</b>    | <b>17 501</b>       | <b>17 136</b>       | <b>16 796</b>       | <b>16 696</b>       |

Det ligg inne nokre ekstraordinære tiltak i 2024-budsjettet. I avsnittet som følgjer søker ein å utdjupe noko på dei ulike ansvarsområda.

#### **Teknisk administrasjon**

- Kontingentar til Miljøfyrtearnsertifisering og Klimapartner er budsjettert.
- Ansvarsområdet tek elles høgde for diverse felles kostnadars, som t d er forankra i personalforvaltinga.

#### **Bjoren**

- Budsjettsummen er redusert med kr 42 000,- samanstilt med 2023 budsjettet, då det var eit par ekstraordinære tiltak som blei gjennomført.
- Av erfaring dukkar det ofte opp uforutsette hendingar i samband med t d bygg og bryggjene. Det er budsjettert med kr 20 000,- til uforutsett.
- Vedteken kulturminneplan fremjar istandsetting av fleire bryggjer langs fjorden. Slike prosjekt blir evt finansiert over andre postar enn driftsbudsjettet.

#### **Slusene**

- Budsjettforslaget søker å take høgde for fortlaupande vedlikehald og evt behov for dykkartenester dersom steinar kjem å legg seg til slik at portane ikkje lar seg opne og lukke.

#### **Stasjonsområdet**

- Kr 25 000 til friviljug arbeid på området. Blomar og div fortlaupande.
- Kr 25 000 til grendelaget som bidreg godt til aktivitet i mellom anna Lokstallen. Ny komfyri og div ombygging på kjøkkenet er ønskjeleg i 2024.
- Kr 250 000 til å kunne halde fram med måling og diverse bygningsmessige tiltak på stasjonsområdet.

#### **Museum / Presteneset**

Sesongen 2023 har i samråd med brukarar og drivrarar på området avdekkja ynskje for å betre sesongen 2024.

- Det er budsjettert med kr 30 000,- til Oseløa med tanke på å få lagt inn elektrisk straum for å kunne bruke bygget meir aktivt. Det vil også vere naudsynt å ha ein gjennomgang av korleis bygget kan brukast utan å utløyse krav til bruksendring.
- Inntil kr 50 000,- for innkjøp av avfallsdunkar og låsbar avfallscontainer inkludert tømmekostnadars. Dette vil rasjonalisere avfallshandteringa på området, særleg i helger og i sommarferieavviklinga ved at dei næringsdrivande sjølve kan følgje med.

#### **Brannvern**

- Kr 10 000 til lysarmatur i garderobe Byglandsfjord brannstasjon. Vernerundesak i brannvesenet
- Kr 20 000,- til belegg på Byglandsfjord brannstasjon. Vernerundesak i brannvesenet.

#### **Kommunale vegar**

- Det er behov for å gjere førebyggjande arbeid på ulike vegstrekningar. Utbytting av stikkrenner og grøftereinsk utgjer eit større behov, og førebyggjer telehiv og større flaumskadar. Det blir føreslått å setje av kr 130 000,- pr år til dette i 2024-2027. Komande hovudplan, som er budsjettert med kr 150.000 for kommunale vegar vil nok avdekkje ein større årleg sum til vedlikehald i åra som kjem.
- Føreslår å budsjettere med kr 1 400 000,- til vintervedlikehald. Prisane innan maskinbransjen har stege i takt med drivstoffutgifter siste åra, og dette er ei auke på kr 400.000 samanlikna med opphavleg budsjett 2023. I revidert budsjett for 2023 er det sett av kr 1 500 000 til vintervedlikehald.

#### **Kommunale bygg og tilrettelagte bustadar**

- Setje av kr 100 000,- som eigenandel til bygningsmessige tiltak på Husmannsplassen Hage på Lauvdal. Det blir i tillegg søkt om tilskotsmidlar frå m.a. Agder fylkeskommune vha. Setesdalsmuseet.
- Kr 60 000,- til innkjøp av varmepumpeteknologi i verkstadbygget på Nesmoen er føreslått. I dag blir anlegget oppvarma av ein eldre og større vifteomn som brukar mykje straum.

### **Kommunale utleigebygger og utleigebustadar**

Kommunen eig 11 tilgjengelege bueiningar fordelt på 4 bygg. Ei bueining er i leilighetsbygget i Bygland sentrum. Det er ikkje budsjettert med ekstraordinære tiltak utover faste drifts- og kapitalkostnadene til desse bygga i 2024.

### **Administrasjonsbygg**

- Reinhardstenestesal også til IKT Agder tilsvarande 12 % stilling blir lagt til dette ansvarsområdet.
- Husleigekostnadane på kommunehuset til Byglandstunet AS er budsjettert med kr 1 000 000,- som i 2023.

### **Forvaltningsutgifter i egedomsforvaltninga (forsikring bygg)**

- Er budsjettert med kr 450 000, - mot kr 447 000,- i 2023.

### **Bjoren brygge**

- Ikkje føreslege noko ekstraordinært utover faste driftskostnadene. Husleigeinntektene dekkjer ikkje dei faste kostnadane.

### **Byglandsfjord oppvekstsenter**

- Innvendig måling av trekvite veggar, kr 10 000,- (skuleungdomsjobb)
- Støydempingstiltak i barnehagen, kr 30 000,-
- Ombygging. Gjere «glattcella» til kontor og lydisolere rektors kontor. Kr 40 000,-

### **Bygland oppvekstsenter**

- Her er budsjettert med kr 55 000, - til innkjøp av ny golvvaskemaskin til Bygland barnehage. Den noko eldre modellen som er der no, blir flytta til Ose grøndehus, golvvaskemaskina der er defekt.
- Det vil bli føreslege ein budsjettsum a kr 60 000,- til nye golvbelegg i barnehagen i 2025.
- Kr 25 000,- er budsjettert til ny 4 G sendar for heiskommunikasjon grunna nye lovkrav i 2024.
- Ønskje om meir ljosssetjing på kulturscenen for å gjere den meir brukarvenleg for kulturskule og i undervisningssamanheng. Dette blei det ikkje tid til i 2023 og budsjettsum er uklar. Vil kunne kome på 1. tertial 2024.

### **Byglandsheimen**

- Det er ønskjeleg å ha ein byggeteknisk gjennomgang av heile bygningsmassen i 2024 med blikk for framtida der ein fokuserer på bu – og arbeidsmiljø i tillegg til tekniske – og energimessige gode løysingar. Med denne bakgrunnen, så ønskjer ein å vente med større tiltak i 2024 for å først få ein heilskapleg oversikt over tilrådeleg rekjkjefølgje på nødvendige investeringar. Vidare frå vernerunden er det kome fram eit behov for meir stikkontaktar på fleire pasientrom for å unngå bruk av skøyteleidningar. Det er planlagd måling utvendig for kr 150.000 i 2025 og grunnarbeid for kr 100.000 i 2026.

### **Byglandshallen**

- Bygland IL har spela inn ønskje om å montere kjøleanlegg i styrkerommet. Kommunedirektøren tilrår ikkje dette i 2024. Det er mange brukarar av mange kommunale bygg, og for framtida føreslår kommunedirektøren å heller ha innspelsmøte på vårparten for å kartlegge behov med alle lag og foreiningar, og betre få prioritert dei ulike behova som kjem gjennom åra.
- Det er registrert utett tak på Byglandshallen ved store nedbørsmengder. Leverandør er på saka, og ev. kostnadsbilde er på uavklara. Ein signaliserer med dette at ev. kostnadene kan kome i 2024.

### **Grøntanlegg**

- Her er ikkje budsjettert med spesifikke ekstraordinære kostnadene i 2024 med unnatak av kr 30 000,- til for å drifte den nye dagsturhytta.

### **Skuleungdom**

- Ein føreslår å auke ramma til sommarjobb for skuleungdom frå kr 200 000,- til kr 250 000,- for å kompensere for lønnsutviklinga. Budsjettsummen har vori uendra sidan oppstarten i ca 2019.

## **Landbruk**

- Budsjettoppsettet frå 2023 blir videreført til 2024 korrigert for lønnsveksten. Ansvarsområdet har definert 60 % stilling i Bygland til skog- og utmarksforvaltning. Bygland servar også kommunane Bykle, Valle og Åseral i lovpålagt skogbruksforvaltning
- 30 % stilling er definert til jordbruksforvalting ( tilskottsforvaltning og lovforvaltning ).
- Ein merkjer at avsette ressursar er marginale med tanke på å ha kapasitet til å få følgje opp landbruksnæringa i utviklingsarbeid.

## **Fisk- og vassdragsforvaltar**

- Stillinga blir i sin heilheit finansiert med 175 % av lønnskostnadane til stillinga frå evigvarande avtale med Å Energi. Budsjettoppsettet blir videreført til 2024, korrigert for lønnsveksten.

## **Vassområdekoordinator for Otra**

- Stillinga blei oppretta i 2022, og er ei interkommunal stilling mellom alle kommunane langs Otravassdraget. Frå Kristiansand i sør til Bykle i nord. Jf vedteken avtale bidreg kvar kommune inn i samarbeidet med p t kr 66 504,-. Fylkeskommunen dekkjer resterande kostnadene.
- Geografisk er delar av Bygland kommune tilhøyrande delar av Tovdalsvassdraget. Her er det og etablert ei vassområdekoordinatorstilling tilsvarende 50 % stilling. Sjå k – sak nr 32 / 22 den 15.06.2022. Det er budsjettet kr 20 000,- til Bygland kommune si deltaking samarbeidet.

## **Driftsbudsjetten VARF**

| Tall i 1000 kroner                          | Budsjett<br>2023 | Økonomiplan<br>2024 | Økonomiplan<br>2025 | Økonomiplan<br>2026 | Økonomiplan<br>2027 |
|---|------------------|---------------------|---------------------|---------------------|---------------------|
| <b>Driftsutgifter pr. eining</b>            |                  |                     |                     |                     |                     |
| <b>Drift og forvaltning - VARF</b>          |                  |                     |                     |                     |                     |
| Grunnbudsjett                               | 2 437            | 2 737               | 2 940               | 2 940               | 2 940               |
| Konsekvensjustering: Endring energiutgifter |                  | -186                |                     |                     |                     |
| Konsekvensjustering: Høgare rente           |                  | 267                 |                     |                     |                     |
| Konsekvensjustering: Pensjon                |                  | 122                 |                     |                     |                     |
| Ekstraordinære tiltak                       | 160              | 320                 | 250                 |                     |                     |
| <b>Sum Drift og forvaltning - VARF</b>      | <b>2 597</b>     | <b>3 260</b>        | <b>3 190</b>        | <b>2 940</b>        | <b>2 940</b>        |

Grunnbudsjettet ovanfor vil variere ut frå kor mykje som vert planlagt bruk av sjølvkostfonda, og kor mykje kommunen subsidierer vassverks- og avlaupsdrifta. Kommunen har sjølvkost på feiring (etter vedtak i kommunestyret), slam og renovasjon (jf. sjølvkostforskrifta), men ikkje på vatn og avlaup. På avlaup subsidierer kommunen abonnementane med nesten 2,6 mill. i 2024 (tilsvarende tal i 2023 var 1,8 mill.). Alternativet hadde vore å ikkje subsidiere, men då hadde avlaupsgebyra blitt uforholdsmessig høge. Ein viser elles til gebyrregulativet for meir detaljer om gebyrnivået for kommunale avgifter.

## **Vassverksdrift**

- Her er ikkje budsjettet med spesifikke ekstraordinære driftskostnadene i 2024 utover lønnsveksten.
- Gebyrauken blir 3,5 % frå 2023-nivå. Tilkoplingsavgifta blir ikkje endra.

## **Avlaupsdrift**

- Det vil vere eit ekstraordinært behov for å utføre periodisk vedlikehald på ein del av maskinene på Byglandsfjord RA. Timetalet på ein del av utstyret byrjar å bli høgt, og for å førebyggje havari, så budsjetterer ein med kr 200 000,- til service og vedlikehald. Det er og budsjettet med kr 120.000 til utskifting av barkfilter.
- Gebyrauken setjast til 4,7 % frå 2023-nivå. Tilkoplingsavgifta blir ikkje endra.

## **Tømming av private slamtankar**

- I 2024 er det såkalla hovudtømming av private slamtankar. I regi av Setesdal miljø og gjenvinning blei det gjennomført anbodsrunde for ny leverandør. Ny leverandør er i skrivande stund ikkje kjent.

- Gebyret blir ikkje endra frå 2023-nivå.

### **Renovasjon**

- Etter innspel frå styret i Setesdal miljø og gjenvinning IKS, så vil tenestekaupet bli kr 2 568 000,-. Dette budsjettområdet vil i åra som kjem bli påverka av at Co2 avgifta vil auke framover mot år 2030, inntil den er på minimum kr 2 000,-. Kommunane blir råka av Co2 avgifta fordi avfall blir levert Returkraft i Kr sand til forbrenning. Co2 avgifta i 2024 er førebels berekna til kr 133 000,- for Bygland sin del, og ein kan sjå føre at den vil auke med kr 60 000,- pr år fram til 2030.
- Gebryauken setjast til 5,5 % frå 2023-nivå.

### **Feiing**

- Setesdal brannvesen jobbar med ny lokal føresegen for feiing som er ønskjeleg skal gjelde for heile Setesdalen inklusive Iveland. Denne skal også take høgde for feiing av hytter. Rettsdommar har klårgjort at lokale føresegner har vori ein mangel mange stadar i landet.
- Gebryauken setjast til 17,6 % frå 2023-nivå. Etter mange år med ingen endring, og eit år også reduksjon i feiegebyret, har det dei siste åra blitt justert betydeleg opp. Kommunen sitt feiegebyr blir justert i samsvar med justering gjort av Setesdal Brannvesen IKS, som leverer denne tenesta i Bygland.

### **Investeringar innanfor Drift og forvaltning**

|                    | Tall i 1000 kroner                                       | Økonomiplan<br>2024 | Økonomiplan<br>2025 | Økonomiplan<br>2026 | Økonomiplan<br>2027 |
|--------------------|--|---------------------|---------------------|---------------------|---------------------|
| Prosj.             | Prosjektnamn   |                     |                     |                     |                     |
| 571                | Rehabilitere vasskummar av omsyn til HMS                 | 200                 | 200                 | 200                 | 200                 |
| 573                | Rehabilitere avlaupskummar av omsyn til HMS              | 200                 | 200                 | 200                 | 200                 |
| 574                | VA Presteneset   | 300                 | 2500                | 0                   | 0                   |
| 575                | Automatisering/digitalisering Byglandsfjord reinseanlegg | 200                 | 0                   | 0                   | 0                   |
| 578                | VA-leidningar for påkobling av nye abonnentar            | 0                   | 600                 | 0                   | 0                   |
| 756                | Elbilladarar kommunale bygg                              | 0                   | 300                 | 0                   | 0                   |
| 889                | Forprosjekt rehabiliter firemannsbustad Bygland          | 0                   | 560                 | 0                   | 0                   |
| 894                | Målretta ENØK-tiltak                                     | 500                 | 500                 | 500                 | 500                 |
| 902                | Ny lastebil  | 625                 | 0                   | 0                   | 0                   |
| <b>Sum fordelt</b> |  | <b>2 025</b>        | <b>4 860</b>        | <b>900</b>          | <b>900</b>          |

Tal ekskl. mva. for prosjekt 557 til 578, elles tal inklusiv mva.

### **Rehabilitere vass- og avlaupskummar (2024-2027)**

Kommunen sine vass- og avlaupskummar er eit utsett arbeidsområde. Mange av kummane er gamle og utstyrt i kummane ber preg av harde miljø. Totalt har me oversikt over omlag 105 kummar. Mange av desse sig, der er eldre ventilkopplingar og røytilførslane er ustabile. Prosjektkapasiteten, innkjøpsprisar og maskinleige tilsei at rehabiliteringsarbeidet bør gå over heile økonomiplanperioden med ein investeringssum a kr 400 000,- pr år med hendhaldsvis kr 200 000,- på kvart av sjølvkostområda ( Vatn og Avlaup ).

### **Detaljprosjektering VA – Presteneset**

Det blir budsjettert med kr 300 000,- til detaljprosjektering av VA-infrastruktur for Presteneset. Dette heng saman med omstillingssprosjektet for området, og VA-infrastruktur må planleggast og etablerast før vidare bygging.

### **Automatisering / digitalisering / ENØK Byglandsfjord RA**

Det var avsett kr 300 000 til diverse tiltak i 2023. Ein kom ikkje så langt som ønska i 2023, og ein ønskjer å halde fram med tiltak i 2024 ved å overføre kr 200 000 til 2024.

#### **VA-leidningar for påkopling av nye abonnentar (2025)**

I driftsbudsjettet er det prioritert å lage ein plan for påkopling av nye VA-abonnentar. Potensialet er størst på Byglandsfjord og Bygland. Planen skal skissere framgangsmåte og prioriteringar og gi budsjettoverslag for tiltaka som må investerast i. I dette prosjektet er det sett av ein generell sum til nye VA-leidningar kommunen må investere for at nye VA-abonnentar skal kunne kople seg på.

#### **Elbilladarar kommunale bygg**

Det blir sett av ein generell pott til elbilladarar ved kommunale bygg, då dette blir eit meir og meir aktuelt tilbod for tilsette i kommunen.

#### **Rehabilitere firemannsbustad i Prestlidi (2025)**

Taket treng vedlikehald og som eit ENØK-prosjekt vil vere i tråd med samfunnsutviklinga å vurdere solceller som alternativ straumkjelde.

#### **ENØK tiltak (2024-2027)**

Fleire tiltak innan ENØK-sektoren er ønskjelege å halde fram med også i 2024 med same kostnadsramme som i 2023. I 2023 har det vori fokus på SD-styring og utskifting av lysarmatur til LED. Her er ytterlegare tiltak som kan gjennomførast i 2024. Den største utfordringa vil vere å ha prosjektkapasitet til å gjennomføre fornuftige tiltak. ENØK – arbeid vil vere tilrådeleg å gjennomføre i heile økonomiplanperioden.

#### **Ny lastebil på uteseksjonen**

Dagens lastebil, Mitsubishi Fuso, ein 2010 modell som blei kjøpt brukt i 2014, byrjar å bli oppbruka. Siste åra har det vori mykje verkstadbesøk. Det vurderast som mest aktuelt å få tak i ny lastebil med totalvekt inntil 7,5 tonn. Budsjettsum kr 625 000,-.

### **5.8 Kommuneplanen sin handlingsdel (tabell)**

Tabellane på dei neste sidene samanfattar tiltaka som ligg inne i kommuneplanen sin handlingsdel for 2024-2027. Fleire av tiltaka er allereie kommentert i kapittel 5.4 til 5.7.

| Nr  | Tiltak   | Gjennomføring |      |      |      |                   | Bygland kommune si rolle |           |                | Ansvarleg eining | Drift | Utvikling | Kopling til samfunnsdelen |                        |  |  |  |  |
|---|--|---------------|------|------|------|-------------------|--------------------------|-----------|----------------|------------------|-------|-----------|---------------------------|------------------------|--|--|--|--|
|   |  | 2024          | 2025 | 2026 | 2027 | Neste planperiode | Tiltakseigar             | Samarbeid | Tilretteleggar |                  |       |           | Gjennomgående perspektiv  | Vegen til målet        |  |  |  |  |
| <b>1. Attraktive og livskraftige sentra og bygdelag</b>           |  |               |      |      |      |                   |                          |           |                |                  |       |           |                           |                        |  |  |  |  |
| <b>1.1 To sentra og levande bygdelag</b>                          |  |               |      |      |      |                   |                          |           |                |                  |       |           |                           |                        |  |  |  |  |
| 1   | Legge til rette for og bidra til private bustadprosjekt i sentra ut i frå kommunen sine behov  | X             | X    | X    | X    | X                 |                          | X         | X              | SSK              |       | X         | F,K                       | 1.1a<br>1.5a           |  |  |  |  |
| 2   | Bygland kommune skal i samarbeid med private utbyggjarar, synleggjere ledige tomter i kommunen | X             | X    | X    | X    | X                 | X                        | X         |                | SSK              |       | X         | N,F                       | 1.1a<br>1.5a           |  |  |  |  |
| 3   | Bidra til oversikt over alle aktivitetar i kommunen samla på ein stad (app/heimeside)          | X             |      |      |      |                   |                          | X         |                | SSK              | X     |           | F                         | 1.2c,d<br>1.4a         |  |  |  |  |
| 4   | Reguleringsplan Byglandsfjord sentrum  | X             |      |      |      |                   | X                        | X         |                | SSK              |       | X         | N,F,K                     | 1.1a<br>1.3a,b         |  |  |  |  |
| 5   | Reguleringsplan Bygland sentrum  |               |      | X    |      |                   | X                        | X         |                | SSK              |       | X         | N,F,K                     | 1.1a<br>1.3a,b         |  |  |  |  |
| 6   | Reguleringsplan Grendi   |               |      |      | X    |                   | X                        | X         |                | SSK              |       | X         | N,F,K                     | 1.1a                   |  |  |  |  |
| <b>1.2 Sentra har gode og inkluderande bumiljø og møteplassar</b> |  |               |      |      |      |                   |                          |           |                |                  |       |           |                           |                        |  |  |  |  |
| 7   | Utvikle friområdet som ligg i reguleringsplanen for Presteneset                                |               |      | X    |      |                   |                          | X         | X              | SSK              |       | X         | F                         | 1.1a<br>1.2b           |  |  |  |  |
| 8   | Etablere bustadområdet som ligg i reguleringsplan for Presteneset                              |               | X    |      |      |                   | X                        | X         |                | SSK              |       | X         | N,F,K                     | 1.1d<br>1.2b<br>1.3b,c |  |  |  |  |
| 9   | Kartlegge kommunale bygg med omsyn til universell utforming                                    |               |      |      |      | X                 | X                        |           |                | DFV              |       | X         | F                         | 1.2a                   |  |  |  |  |
| 10  | Oppdaterte og tilrettelagte lokale for ungdomsklubben  | X             | X    |      |      |                   | X                        | X         |                | SSK              |       | X         | F                         | 1.2a,b<br>1.4a,c       |  |  |  |  |

| Nr   | Tiltak  | Gjennomføring |      |      |      |                   | Bygland kommune si rolle |           | Ansvarleg eining | Drift | Utvikling | Kopling til samfunnssdelen |                  |      |
|--|---|---------------|------|------|------|-------------------|--------------------------|-----------|------------------|-------|-----------|----------------------------|------------------|------|
|  |   | 2024          | 2025 | 2026 | 2027 | Neste planperiode | Tiltakseigar             | Samarbeid |                  |       |           | Gjennomgående perspektiv   | Vegen til målet  |      |
|  |   |               |      |      |      |                   |                          |           |                  |       |           |                            | 4.2a,b,d         |      |
| 11   | Oppretthalde tilbodet om bygdekino  | X             | X    | X    | X    | X                 |                          | X         | SSK              | X     |           | F                          | 1.2c             |      |
| 12   | Oppretthalde tilbodet om familiebadning   | X             | X    | X    | X    | X                 | X                        |           | DFV              | X     |           | F                          | 1.2c             |      |
| <b>1.3 Fleire har tilgang til bustad og bumiljø tilpassa livssituasjonen sin</b> |   |               |      |      |      |                   |                          |           |                  |       |           |                            |                  |      |
